Kapittel 6 Språklege og sosiale variablar

6.0 Innleiing

I dette kapittelet vil eg gi eit oversyn over og ein presentasjon av dei ulike språklege og sosiale variablane som blir brukte i denne granskinga av dialektnivellering på Røros og Tynset. Eg vil også diskutere dei ulike prinsippa, ønska og krava som ligg til grunn for valet av dei ulike variablane. Eg har i alt plukka ut femten språklege og tolv sosiale variablar. Dei språklege variablane er både fonologiske, morfologiske og leksikalske trekk. Tretten av språktrekka er felles for Røros og Tynset, medan to av dei berre gjeld for Røros. Dei sosiale variablane eg har valt å sjå nærare på, er for det meste velprøvde innafor sosiolingvistikken og er slike som har vist seg å vere sentrale sosiale korrelat for språkleg variasjon og endring, men eg har også med nokre meir utradisjonelle sosiale dimensjonar. Dei unge informantane på høvesvis Røros og Tynset er vurderte og plasserte i høve til alle desse sosiale storleikane, medan dei vaksne informantane på dei to plassane berre er plasserte i høve til fem av dei (jf. vedlegg 7.3).

6.1 Dei språklege variablane

> [...] to understand the structure of the entire language, and to grasp the dynamics of linguistic change, it is now necessary to turn our full attention to the variable elements in the system. (Labov 1966:48).

Det mest grunnleggjande trekket ved sosiolingvistiske studiar er, slik Labov seier det, interessa for språktrekk som på ein eller annan måte er *variable* innafor eit system. Det betyr at dei anten inngår i intra- eller interindividuell variasjon innafor den aktuelle varieteten ein ønskjer å studere. Men meir *stabile* trekk kan også vere interessante, for slik å kunne dokumentere kva for tradisjonelle språktrekk som blir bevarte. Eller dei kan vere interessante for å stadfeste kva for tradisjonelle trekk som har gjennomgått eit skifte og vorte erstatta av andre variantar.

Kva for trekk skal ein så velje når ein ønskjer å studere språkleg variasjon og endringar i frammarsj i eit regionaliseringsperspektiv? Er både variable og meir stabile trekk av interesse, og kor mange trekk bør ein sjå på? Her kan ein sjølvsagt gå fleire vegar.

Eit alternativ kan vere å gå i djupna på eit eller to variable trekk (jf. t.d. Selås 2003). Eller ein kan ein velje ut eit større knippe av språktrekk, både variable og meir stabile, for dermed å kunne gi ei noko meir heilskapleg vurdering av utviklingstendensane innafor dei aktuelle varietetane. Sidan målet i denne samanhengen er å samanlikne dialektutviklinga på respektive Røros og Tynset, er det siste alternativet det mest aktuelle her. Ettersom det også er eit mål å studere nivelleringsretninga på dei to plassane, og vurdere om den eventuelt kan tolkast som uttrykk for ein språkleg regionaliseringsprosess, er det dessutan eit poeng å prøve å finne språklege variablar som på ein mest mogleg klar og representativ måte kan syne vekslinga mellom dei aktuelle varietetane. Eit primært krav må med andre ord vere at kvart av språktrekka skal kunne realiserast på *minst to* ulike måtar; ein *tradisjonell* variant og ein *nivellert* variant. Men for å kunne avdekkje ei eventuell *regional* utvikling med respektive Trondheim og Oslo som kvar sine potensielle tiltrekkingpolar, burde ein ideelt sett hatt språklege variablar som blir realisert på minst *tre* ulike måtar; den lokale varianten, trondheimsvarianten og Oslo-/standardvarianten. Dette har likevel vist seg å vere svært vanskeleg å få til i praksis på grunn av stor grad av formsamanfall mellom dei ulike impliserte variantane. I somme tilfelle vil trondheimsvarianten vere identisk med Oslo-/standardvarianten, og i somme tilfelle vil trondheimsvarianten vere identisk med rørosvarianten/tynsetvarianten. Berre i eit fåtal av tilfella har eg klart å finne fram til språklege variablar som viser vekslinga mellom dei respektive varietetane (jf. diskusjonen i kap. 4). For å kunne sirkle inn påverknadskjelda burde dei ulike variantane dessutan ideelt sett vere *eksklusive* for dei respektive varietetane, men dette har også vore vanskeleg å få til i praksis. I fleire tilfelle er trondheimsvarianten felles for heile trøndelagsregionen og er ikkje særskilt for Trondheim. På same måte blir Oslo-/standardvarianten i mange høve også brukt i andre geografiske område enn berre i hovudstadsområdet. Dette inneber at det i dei mange tilfelle er vanskeleg å avgjere om den nivelleringa som skjer, er utslag av ei horisontal nivellering i høve til andre dialektar i høvesvis trøndelagsregionen og nord-østerdalsregionen, eller ei vertikal nivellering i høve til oslomålet/standard austnorsk (sjå lista over variablane nedafor).

Som eg vil kome attende til i kapittel 7, har dei ulike variantane vorte delte inn i ulike undergrupper og fått forskjellige kodar alt etter kor geografisk utbreidde dei er. Ein Oslo-/standardvariant som berre finst i den konservative standarden, har til dømes fått ein kode, medan variantar som også finst i andre område, har fått ein annan kode. Dei lokale variantane er organiserte med utgangspunkt i ein nullhypotese $H_{o,}$ som seier at den geografiske utbreiinga av ein variant ikkje tyder noko for kor stabil eller resistent varianten

er (jf. kap. 1, pkt. 1.1.3). Lokale dialektvariantar som berre har støtte lokalt, har derfor fått ein eigen kode, og variantar som har ei vidare utbreiing, har fått andre kodar. Dei lokale dialektvariantane kan på denne måten delast inn i fem undergrupper (jf. boksen over). (Meir om dette i kap. 7, pkt. 7.2.2).

1) lokale variantar som berre finst lokalt
2) lokale variantar som *berre* finst i "nærregionen"
3) lokale variantar som *både* finst i "nærregionen" og i andre regionar
4) lokale variantar som finst i andre regionar, men *ikkje* i "nærregionen"
5) lokale variantar som finst i standarden i andre regionar, men *ikkje* i "nærregionen"

Eit anna kriterium for valet av språklege variablar er at dei må utgjere sentrale strukturelle eigenskapar ved dei tradisjonelle dialektane i dei to områda. For å kunne samanlikne utviklinga på Røros og Tynset er det dessutan også eit ønske at dei fleste variablane skal vere *felles* for dei to plassane. Desse to krava eller ønska er potensielt på kollisjonskurs med kvarandre. Slik det gjekk fram av presentasjonen av dei to dialektområda, har dei tradisjonelt hatt mykje felles språkleg sett, men pga. etableringa av rørosbanen og med den framveksten av stasjonsbyen på Tynset, har ein hatt ei nokon anna utvikling her enn på Røros (jf. kap. 2, pkt. 2.4). For Tynset sitt vedkomande kan ein dermed kome til å postulere ein "basisdialekt" som er *for* arkaisk. Fleire av dei trekka som er felles, og som det dermed er aktuelle å samanlikne, har mest sannsynleg gått ut av bruk på Tynset – i alle fall i sentrum. Samtidig er det interessant å få stadfesta om desse trekka, som trass alt *var* sentrale trekk i den tradisjonelle tynsetdialekten, faktisk *har* gått ut av bruk, eller om dei eventuelt framleis blir brukt av enkelte individ og i enkelte delar av kommunen. Jørgen Reitan sine skildringar av dei to dialektane, *Rørosmålet* (1932) og *Tynsetmålet* (1926), har fungert som utgangspunkt og viktig referanse for valet av variablar. Begge skildringane er rett nok etter kvart svært gamle, og gir kan hende eit bilete av rørosmålet og tynsetmålet som allereie tidleg på 1900-talet var noko gamalvore. Men Reitan nemner likevel i mange høve variasjonen i dei to områda, og bruker omgrep som eldre og yngre mål. På den måten vil ein oftast få vite om eit gitt trekk var i bruk i yngre mål for 70 år sidan. Brukt med ei viss varsemd representerer skildringane til Reitan ein viktig ressurs i arbeidet med å sirkle inn aktuelle språklege variablar. I granskinga hans av rørosmålet, som er den grundigaste og mest omfattande av dei to bøkene, presenterer han ikkje berre språket i området, men gir også ei interessant skildring av rørosfolkets historie (jf. kap. 2). For Tynset sitt vedkomande har også hovudoppgåva til Marie Kristin Bakås (1998) vore til stor nytte – ikkje minst når det gjeld valet av variablar.

For å oppsummere dei momenta som er nemnde i diskusjonen ovafor, så bør altså variablane a) vere mest mogleg ulike og distinkte i rørosvarianten/tynsetvarianten, trondheimsvarianten og Oslo-/standardvarianten, dvs. ha mest mogleg klar fonetisk eller morfologisk opposisjon, b) utgjere sentrale strukturelle eigenskapar ved dei tradisjonelle dialektane i dei to områda, og c) vere felles for rørosmålet og tynsetmålet. I tillegg må variablane d) vere uttrykk for same omgrep, tilhøve eller fenomen, dei bør e) vere relativt frekvente i den forstand at frekvensen til draga bør vere uavhengig av ulike tematiske eller andre utomspråklege tilhøve, og det er ønskeleg at dei f) har ein viss markeringsverdi, dvs. fungerer som meir eller mindre medvitne lokale, regionale eller nasjonale markørar for språkbrukaren.

Kravet om frekvens har ført til at ein i mange sosiolingvistiske granskingar har konsentrert seg om fonologiske variablar. Her er ein som regel sikra nok belegg. Men også prosodiske, morfofonologiske, morfologiske, leksikalske og syntaktiske variablar er av stor interesse når ein skal studere dialektutviklinga i eit område. Eg har med variablar frå alle desse språklege nivåa med unntak av syntaktiske variablar, der frekvenskravet er særskilt problematisk. Også andre potensielt interessante variablar måtte kuttast ut fordi det ikkje fanst tilstrekkeleg belegg i materialet. Det gjeld til dømes 2. person fleirtal personleg pronomen, adjektiv i komparativ og uttalen av norrøn *rð*.[54] Men eg har likevel teke med nokre morfologiske og leksikaliserte variablar trass i at dei ikkje har særleg høg frekvens i materialet. Det gjeld til dømes +/-apokope i visse tostavingsord og forma på opphavlege jamvektsinfinitivar (jf. kap. 8 pkt. 8.6 og 8.7). Grunnen til at desse variablane likevel er tekne med, er at dei representerer sentrale språklege trekk i området. Dessutan kan dei potensielt vere gode indikatorar på særskilde regionale utviklingstendensar.

Ved sida av frekvens bør altså også spørsmålet om dei aktuelle variablane har ein viss *markeringsverdi*, vere med i vurderinga. Spørsmålet er om dei aktuelle variantane har status og funksjon som meir eller mindre medvitne lokale, regionale eller nasjonale markørar for språkbrukaren. Eit trekk som tjukk *l* av historisk *l* er døme på eit trekk som *ikkje* har spesiell markeringsverdi i så måte. Dette er eit trekk ein finn i heile austlands-regionen inkludert Oslo, i Trøndelag og i Nordland. Det er dessutan eit forholdsvis stabilt

[54] 2. pers. pers. pron. pl. blir tradisjonelt realisert som *dokk* på Røros og Tynset, *dåkker* i Trondheim og *dere* i Oslo. Dette trekket var berre belagt med 19 belegg på Røros og 9 på Tynset. Adjektiv i komparativ har bøyingsforma *-ar* som i *finar* og *smartar* både på Røros, Tynset og i Trondheim og forma *-ere* i Oslo. Dette trekket var belagt med høvesvis 72 og 61 belegg blant dei unge på Røros og Tynset. Opphavleg r*ð* som i *ord* og *bord* blir uttalt med tjukk *l* både på Røros, Tynset, i Trondheim og i austkantprega el. radikalt oslomål, medan vestkantprega el. konservativt oslomål har "tynn" l her. Dei unge på Røros og Tynset hadde høvesvis 80 og 45 belegg ved dette trekket.

trekk. Eg har derfor valt å ikkje sjå nærare på dette trekket i denne samanhengen. Tjukk *l* av historisk *rð* kunne derimot ha vore av større interesse – det er både geografisk og sosialt sett eit meir avgrensa og markert trekk. Men som vi såg ovafor, har dette trekket vorte utelate av andre grunnar. Eit språktrekk som palatal uttale av lange alveolarar og alveolarsamband er geografisk sett også svært utbreidd, men i motsetnad til tjukk *l* er det eit trekk som er på retur i mange område (jf. pkt. 6.1.2 nedafor og kap. 7, pkt. 7.2.2.2).[55] Palatalane varierer mykje i styrke og omfang frå område til område og er gjerne eit trekk ein først og fremst assosierer med trønderen og nordlendingen. Dette er eit trekk dei aller fleste informantane på Røros nemner som særskilde for dialekten både i intervju og spørjeskjema. Det er såleis eit trekk folk i området er medvitne om, dvs. som er salient, og som blir rekna som eit "viktig" trekk ved dialekten (jf. kap. 3, pkt. 3.3 om saliens). Spørsmålet om kva for trekk folk er medvitne om og kva for trekk som blir rekna som viktige eller særskilde for dialekten, vart prøvd kartlagd både gjennom intervjua og ved hjelp av spørjeskjema. Eit av spørsmåla i enqueten, som om lag 100 og 115 elevar på høvesvis Røros og Tynset svarte på, var: Kva er typisk for dialektbruken på Røros/Tynset? (jf. kap. 7, pkt. 7.1.1 og vedlegg 7.1). I intervjua vart også typisk trekk for dialekten teke opp som eige tema, og i spørjeskjemaet som informantane fekk tilsendt eit år etter intervjuet, fekk dei i oppgåve å omsette ein tekst til sin eigen dialekt (jf. kap. 7, pkt. 7.1.2.4 og vedlegg 7.4). Alt dette har gitt ein ganske god peikepinn om kva for trekk informantane er medvitne om og som dei meiner er sentrale for dialekten. For Røros sitt vedkomande er det særleg den "tjukke" *s*-en, palatalane, spørjeord, jamningsformer og ord som *itte* og *je* som blir nemnde. På Tynset er det særleg monoftongar, trykkplassering i framandord, sterke supinumsformer og bestemt form fleirtal av substantiv som blir trekte fram. I tillegg nemner informantane på begge plassane ein del enkeltord og uttrykk som *ryssen*, *bus*, *lemse*, *sjø* osb. På Røros er folk også opptekne av at ein framleis kan finne dativformer hos stødige dialektbrukarar.

Ved val av kva for språklege variablar det er relevant og interessant å studere for å kunne seie noko om språkutviklinga på Røros og Tynset, er det altså fleire forhold som må vurderast. Oppsummeringsvis vil eg vil berre raskt repetere nokre av dei spørsmåla som har vore med i denne vurderinga:

[55] Tradisjonelt finn vi palatal uttale av lange alveolarar og alveolarsamband i dei nordlege delane av austlandet og vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg.

- kva for trekk kan mest sannsynleg seie noko om endringane er lekk i ei regional utvikling?
- kva for trekk vil kunne synleggjere kva for ein varietet som fungerer som påverknads-kjelde? (dvs. kva for trekk har ulike realiseringar i dei impliserte varietetane?)
- kva for trekk er særleg "viktige" som markørar for ein bestemt region?
- kva for trekk er informantane sjølve medvitne om – dvs. kva for trekk er saliente?
- kva for trekk *er* i endring – dvs. kva for trekk er involverte i variasjon, inter- og/eller intra-individuelt?
- kva for variablar er det sannsynleg at ein har tilstrekkjeleg belegg på i samtalane?
- kva for variablar let seg lettast ekserpere?

Nedafor følgjer eit oversyn over dei språklege variablane. Dei aller fleste variablane er felles for dei to plassane. To av variablane gjeld likevel berre for Røros. Det er variablane S-PAL og UFPL (dei er markerte med * i boksane nedafor). Den geografiske og sosiale utbreiinga av dei enkelte språklege variantane varierer som nemnt noko. Dei fleste lokale dialektvariantane er likevel slike variantar som finst i store delar av nærregionen for høvesvis Røros og Tynset, og som også kan vere utbreidde i andre regionar, men som ikkje inngår i standardtalemålet. Kva for variantar som vil vere aktuelle alternativ til dei lokale formene, vil blir kommentert undervegs ved kvar variabel. I oppsettet nedafor ser vi eit oversyn over kva som tradisjonelt sett ville har vore dei alternative variantane innafor respektive rørosmålet, tynsetmålet, trondheimsmålet ("fin"-trøndervarianten er også inkluderte i enkelte tilfelle) og Oslo-/standardvarianten (radikalt eller folkeleg oslomål er ikkje inkludert her).

Oversyn over dei språklege variablane

***S-PAL**	Uttalen av *s* framfor *k*
A-PAL	Lange alveolarar og alveolarsamband
MON	Monoftongering av *ei*
NEG	Nektingsadverbial i trykksvak stilling
TRYKK	Trykkplassering i importord
JAM	Jamvekt og jamning
APOK	Apokope i tostavingsord
BFPL	Bestemt form fleirtal av substantiv
***UFPL**	Ubestemt form fleirtal av substantiv
PRES.ST	Presens sterke verb
PRES.SV	Presens svake verb
SUP	Supinum av sterke verb
PERS.1	Personleg pronomen 1. pers sg. subj.
PERS.3	Personleg pronomen 3. pers pl. subj.
K/KV/H	Spørje- og resiproke pronomen

Tradisjonelt:

	Røros	**Tynset**	**Trondheim**	**Oslo/standard**
***S-PAL**	*sk* > /ʃk/	*sk* > /sk/	*sk* > /sk/	*sk* > /sk/
A-PAL	*ball* [baʌː]	*ball* [baʌː]	*ball* [baʌː]	*ball* [balː]
MON	*rese*	*rese*	*reise*	*reise*
NEG	*ittj* [icː]	*ittje* [icːə]	*ittj* [icː] / *ikke* [ikːə]	*ikke* [ikːə]
TRYKK	*'dialekt*	*'dialekt*	*'dialekt/ dia'lekt*	*dia'lekt*
JAM	*vårrå*	*vårrå*	*værra/vær*	*være*
APOK	*måtte/finne*	*måtte/finne*	*måtte/finn*	*måtte/finne*
BFPL	*bilan*	*bilan*	*bilan*	*bilene*
***UFPL**	*bila*	*biler*	*bila*	*biler*
PRES.ST	*kjæm*	*kjæm*	*kjæm/kåmmer*	*kåmmer*
PRES.SV	*snakke*	*snakke*	*snakke*	*snakker*
SUP	*vøre*	*vøre*	*vøre/vært*	*vært*
PERS.3	*dæm*	*døm/dæm*	*dæm/(di)*	*di*
PERS.1	*je*	*je/æi*	*æ/(jei)*	*jæi*
K/KV/H	*kelles*	*håssen*	*kolles/kordan*	*vordan*

6.1.1 Postalveolar uttale av *s* framfor *k*: S-PAL[56]

På Røros blir *s* tradisjonelt uttalt som ein postalveolar frikativ, /ʃ/, når han står framfor *k*. Det gjeld både prevokalisk framfor bakre vokalar og postvokalisk særleg etter fremre vokalar. Konsonantsambandet *sk* blir etter tradisjonen uttalt som /ʃk/ i alle posisjonar, dvs. både ordinitialt, -medialt og -finalt t.d.: *skole* /ʃkuːlə/, *vaske* /vaʃkə/ og *faktisk* /faktiʃk/. Også i tilfelle der *sk* står samansettingar av typen *røskatt* /røːʃkatː/ og *arbeskar* /arbeʃkar/, har *s*-en frå gamalt ein postalveolar uttale.

Dette trekket finst berre i rørosbygdene og ikkje i nabokommunane Ålen, Holtålen eller Os, eller i anna trøndersk mål. Det finst, som nemnt ovafor, ikkje i tynsetmålet og sjølvsagt heller ikkje i nokon variant av standardtalemålet. Det er såleis eit heilt lokalt og svært salient og markert trekk som korkje har støtte regionalt eller nasjonalt. Reitan

[56] Akronymet PAL står i denne samanhengen for post-alveolar, og ikkje for palatal/palatalisering som i pkt. 6.1.2.

(1932:146) skriv t.d.: "Det er neppe noen eiendommelighet ved rørosisk som for den fremmede er så iørefallende som uttalen av sk; sk er rørosmålets schibboleth." Allereie på 1930-talet seier Reitan at dette er eit trekk som rørosingen prøver å legge vekk. Folk på Røros og i nabobygdene er generelt svært medvitne om dette trekket, og som regel er denne "tjukke" *s*-en det aller første både yngre og eldre rørosingar nemner når dei skal skildre dialekten sin. På spørsmålet om kva som er typisk for dialektbruken på Røros, er dette det trekket som blir nemnt av flest ungdomar. Det er også dette trekket som hyppigast blir trekt fram i intervjua. I spørjeskjemaet som informantane fekk tilsendt eit år etter intervjuet, fekk dei som nemnt i oppgåve å omsette ein tekst til sin eigen dialekt. I denne omsettingsoppgåva, som handlar om bjørnen som fekk stutt rompe, markerer dei fleste rørosungdomane den "tjukke" *s*-en. Dei skriv t.d. *fisjk, fisck, fischk, fi̬sk* eller *fïšk*.

I tillegg til å vurdere dei språkeksterne faktorane som kan ha innverknad på nivelleringa av dette trekket, vil det vil vere av interesse å sjå på om nivelleringa skjer etter noko bestemt mønster, som t.d. at det kanskje forsvinn først ordinitialt og sist ordfinalt, eller om det eventuelt forsvinn først i høgfrekvente ord og sist i lågfrekvente osb.

6.1.2 Palatalisering av lange alveolarar og alveolar-samband: A-PAL[57]

I tradisjonelt rørosmål og tynsetmål blir dei fleste tilfelle av gamalnorsk *ll, ld, lt, ls, nn, rn (>nn), nd, nt, ns, dd* og *tt* palataliserte postvokalisk; *ball* ba[ʎː], *kveld* kve[ʎː], *spesielt* spesie[ʎ̬c], *puls* pu[ʎs], *mann* ma[ɲː], *bjørn* bjø[ɲː], *synd* sy[ɲː], *vinter* vi[ɲc]er, *fins* fi[ɲ]s, *hytte* hy[cː]e, *itte* i[cː], *hadde* ha[ɟː]. Dei palatale konsonantane er lange som i *alle* a[ʎː]e og *mann* ma[ɲː], eller halvlange og ustemte framfor ein annan tungespisslyd som i *helt* he[ʎ̬c] og *sant* sa[ɲc]. Sidan den palatale konsonanten aldri er kort, vil den ikkje førekome etter lang vokal i same staving. Dersom vokalen er forlenga, manglar palataliteten som t.d. [kɑːɬt] og [ˊliːtə]. I tradisjonelt røros- og tynsetmål blir dei lange alveolarane og alveolar-sambanda palataliserte hovudsakleg i trykktung staving, medan palataliteten er mykje svakare eller heilt fråverande i trykklett staving. Det same er tilfellet nord for Trondheimsfjorden og i Trondheim. Sør for fjorden blir likevel alveolarar både i trykktung og i trykklett staving palataliserte – med unntak av dei sørlegaste områda som t.d. Røros. I

[57] PAL er her ei forkorting for palatal/palatalisering, og A for alveolar.

1980 noterte Fintoft og Mjaavatn at: "Palatale og palataliserte lyder ser ut til å stå sterkt i alle aldersgrupper i Trondheim bymål" (1980:60). Men palatalisering er i dag eit trekk som er på retur i mange område, særleg byområde, så det er ikkje urimeleg å tru at noko liknande må vere på gang også i Trondheim (jf. t.d. Skjekkeland 2000, ulike artiklar i Jahr 1990).

Palatalisering av lange alveolarar er eit trekk som tradisjonelt finst i vide område av landet – frå Hedmark i sør, Sunnmøre i vest og til Finnmark i nord. Men palataliseringa varierer mykje i styrke frå område til område, og bruken er som nemnt vaklande i visse område (t.d. i Hedmark, på Sunnmøre og i byområde i Nord-Noreg). Forskjellane kjem blant anna fram ved at palataliseringa reint fonetisk er tydelegare somme stader enn andre, og ved at særdraget er gjennomført ved fleire eller færre av alveolarsambanda; *nn* og *ll* har størst geografisk utbreiing, medan *tt* har minst (jf. Skjekkeland 1997:106). Alveolarane blir dessutan berre palataliserte i trykktung staving i enkelte område, medan dei i andre område blir palataliserte både i trykktung og i trykklett staving.

Ifølgje Reitan (1932:138ff og 1926:13) er palataliteten også frå gamalt av langt meir utprega i trønderske enn i austlandske mål. Palataliseringa har såleis tradisjonelt ei mykje svakare stilling på Tynset enn på Røros. Men også på Røros er palataliten noko svakare enn i dialektar nærare Trondheimsfjorden. Røros og Tynset dannar på denne måten tradisjonelt ein overgang til den svakare palataliseringa på Austlandet. Konsonanten er likevel klart palatal. Røros- og tynsetmålet står slik sett saman med hovuddelen av trøndermåla, delar av målføra i Østerdalen og mest alle dei nordnorske målføra når det gjeld bruken av dette trekket. Både for Røros og Tynset sitt vedkomande er dette derfor eit regionalt trekk som har støtte både i og utafor nærregionen.

I begge områda blir sambanda *ll, ld* og *lt* tradisjonelt palataliserte utan omsyn til kvaliteten på den føregåande vokalen. Det same gjeld for *nn, nd* og *nt*. Det er likevel nokre få unntak frå dette, som t.d. etter den palatale konsonanten /j/ i somme ord – som *fje[l:]* og *kje[l:]ar*. Palatal manglar også etter ein del ord med opphavleg *dl* og *nl* (jf. Reitan 1932:139). Når *lt* er oppstått under bøying, får vi berre palatal dersom også grunnordet har palatal. Sambanda *ls* og *ns* blir handsama noko ulikt; *ls* blir ikkje palatalisert etter /a/ (*vals*), mens *ns* normalt blir palatalisert etter /a/ (*da[ɲs]*). Både *ls* og *ns* blir palataliserte etter /ʉ/ og /i/ (*pu[ʎs], pi[ʎs], fry[ɲs]e, pri[ɲs]*), men ikkje etter /u/ (*pols*, *mons*), og heller ikkje i ord med *nsk* (*hanske*, *granske*). På grunn av den vaklande handsaminga av *ns* og *ls*,

og sidan det er relativt få realiseringar av desse konsonantsambanda i materialet, er dei ikkje inkluderte i variabelen og vil altså ikkje bli handsama vidare her.

Sambandet *dd* blir normalt palatalisert etter alle vokalar, men når *dd* har oppstått ved bøying, blir sambandet berre palatalisert etter dei fremre vokalane /i/ og /y/ og etter diftongar (*stri[ɟ:]e, bety[ɟ:]e, brei[ɟ:]e*). Realiseringa av *tt* er vaklande i fleire stillingar. Det gjeld særleg der lang *t* har oppstått ved bøying. I tynsetmålet er det tradisjonelt svært lite å høyre av palatalitet ved *t* (jf. Reitan 1926:13). I rørosmålet førekjem palatal *t* aldri etter /ɑ/ og /ɔ/ (*katt*, *vått*), men skal alltid palataliserast etter /i/ og /y/ (*smi[c:]e, hy[c:]e*). Etter andre vokalar er det meir vakling. Her vil det derfor vere mest aktuelt å sjå på handsaminga av *tt* etter /i/ og /y/. I handsaminga av rørosbelegga har eg likevel valt å halde eitt svært høgfrekvent ord utafor, nemleg [ic:], fordi palataliteten her er svært svak. Det er i mange tilfelle mest umogleg å avgjere om uttalen er palatal eller alveolar, særleg når formene står trykksvakt (for nærare diskusjon sjå kap. 7 pkt. 7.2.2.2).

Palatalisering av lange alveolarar og alveolarsamband er som nemnt relativt utbreidd geografisk og har på den måten brei regional støtte. Men palatal uttale av alveolarar finst korkje i den "konservative" eller den "yngre" varianten av standardtalemålet. Palatal uttale av alveolarar er generelt på tilbaketog i mange av dei dialektane som tradisjonelt har hatt dette trekket (jf. Abrahamsen 1995, Bakås 1998, Borg 1971, ulike artiklar i Jahr 1990, Vold Ulset 2002). Innafor nordnorsk finn ein fleire stader ei utvikling der palatalane går gradvis over til ein retroflektert uttale (jf. Hanssen 1990, Mæhlum 1992 og vidare diskusjon i kap 8, pkt. 8.1.2). Det ser ut til å vere ein klar tendens til at trekket blir nivellert først i sentrale strøk. Typisk nok er trekket i dag borte i mange av byane i dei palataliserande områda.

Ei hovudoppgåve frå slutten av 1990-talet viser at palatalane mest heilt har forsvunne frå dei unge sitt språk på Tynset (Bakås 1998). Trekket er truleg også ustabilt på Røros. På Røros er det høgt sosialt medvit kring dette språktrekket. Det er eit trekk mange nemner når dei blir bedne om å skildre dialekten sin, og som mange også markerer i skriftlege presentasjonar av dialekten. I omsettingsoppgåva om bjørnen som fekk stutt rompe i spørjeskjemaet, markerer mest alle rørosungdomane palatalane, om enn i litt varierande grad. Dei skriv t.d. *itj, haddje/haidd, håille og bjøinna/bjønnja*. Ved sida av den "tjukke" *s*-en er "tjukke" *n*-ar og *l*-ar, som dei gjerne blir kalla, det flest informantar trekkjer fram som særmerkte trekk for rørosdialekten. Palatalisering av alveolarar kan på den måten seiast å vere eit svært salient trekk for Røros sitt vedkomande. Men på Tynset blir dette

trekket knappast nemnt av nokon av informantane – korkje av dei unge eller dei vaksne. Palatalane blir heller ikkje markerte i den skriftlege omsettingsoppgåva.

Her blir det for det første interessant å sjå på kor resistent trekket er på Røros og kven som eventuelt bruker det, og vidare om vi framleis finn palatalisering av alveolarar blant dei unge på Tynset. For det andre blir det interessant å sjå om palatalisering av dei ulike alveolarane og alveolarsambanda utviklar seg likt, eller om nokre av dei er meir resistente enn andre. Sidan det også tradisjonelt er størst vakling når det gjeld palatal uttale av *dd* og *tt*, er det å vente at nivelleringa av desse alveolarane har kome lengst, og at palatalisering av *ll* og *nn* relativt sett er meir resistent. Kvar av alveolarane og alveolar-sambanda vil bli handsama for seg, slik at det blir mogleg å oppdage eventuelle ulike tendensar i materialet. Eit anna spørsmål er om palatalane går direkte over til ein alveolar uttale, eller om dei går over til ein meir retroflektert uttale, slik ein har observert i mellom anna nordnorske bymål. For det tredje vil det også vere interessant å sjå om den palatale uttalen held seg betre i enkelte ord eller om han forsvinn jamt ut av ordstoffet, altså om nivelleringa skjer etter noko bestemt mønster, t.d. ved at trekket forsvinn først i høgfrekvente ord og sist i lågfrekvente osb. For det fjerde vil det også vere eit spørsmål om palatalane er meir resistente i visse fonetiske omgivnader enn i andre, og om fonetisk kontekst saman med frekvens gir noko utslag.

6.1.3 Monoftongering: MON

Dei gamle nordiske diftongane *ei*, *øy* og *au* har vorte monoftongerte i mange norske dialektar; i den sørlege delen av Østfold, store delar av Hedmark og Sør-Trøndelag og dessutan heile Nordmøre – i tillegg til at det er eit allment trekk i dansk og svensk. Monoftongering finst særleg i mål der ein har eller har hatt apokope, og kan såleis, som apokopen, ha kome til ved at trykket festa seg til rotstavinga (jf. Faarlund 1975:186). Mest monoftongering finn vi i Nord-Østerdalen og i den søraustlege delen av Sør-Trøndelag. Dei gamle diftongane er vel å merke behaldne i trondheimsmålet og mesteparten av det trønderske dialektområdet.

Både røros- og tynsetmålet har tradisjonelt diftongforenkling av *ei* og *øy* framfor kort konsonant. *Ei* har i regelen vorte til [eː] som i *rese* [reːsə], *sten* [steːn] og *heme* [heːmə], medan *øy* har vorte til [øː] som i *røke* [røːkə], *kjøre* [çøːrə] og *høre* [høːrə]. Eldre importord fell inn i dette systemet, men nyare importord held likevel oftast på diftongen

slik at det heiter *streik* og *pause* og ikkje *str[eː]k* og *p[øː]se* (jf. Skjekkeland 1997:91). Tradisjonelt er diftongen berre bevart i ord som enda på diftong eller hadde diftong føre vokal; jf. *øy* f. *nei* n. *trøye* f. Diftongen *au* er derimot behalden på Røros og i Sør-Trøndelag, men er monoftongert på Tynset og i Nord-Østerdalen. Monoftongeringa har med andre ord gått lengst i Nord-Østerdalen, og er såleis eit særtrekk for denne regionen. Samantrekkinga av *au* har her tradisjonelt vorte til ein ø-liknande lyd [ö] (STORM) [œ] (IPA) som i [rœː] *raud* og [rœːtə] *raute*, og er tradisjonelt eit sjølvstendig fonem i dialekten, jf. [œrːə] *aure* i motsetnad til [øːrə] *øyre*. I tillegg til å halde på diftongen *au* har rørosmålet også halde på einskilde andre former med diftong; t.d. adjektiva *lei*, *brei*, *grei*. Dei trønderske grannemåla har her derimot full diftongering. Arnold Dalen (1972:21) forklarar dette med at rørosmålet stabiliserte seg på ei tid då diftongforenklinga ikkje var fullt gjennomført i dette området.

Former med monoftong blir gjerne oppfatta som "breie" og "bondske" i visse ord, medan dei i andre ord blir oppfatta som "fine". Dette har sitt opphav i om dei blir realiserte med eller utan monoftong i det konservative standardtalemålet, og har sjølvsagt ingenting med diftongen/monoftongen i seg sjølv å gjere. Monoftongering blir ikkje nemnt som eit særskilt trekk ved rørosdialekten av rørosinformantane, men fleire av tynsetinformantane nemner dette som eit særdrag ved tynsetdialekten.

Her vil det først og fremst vere interessant å sjå på dei tilfella av monoftongering der rørosmålet og tynsetmålet skil seg frå trondheimsmålet og Oslo-/standardtalemålet; dvs. former som *arb[eː]*, *r[eː]se* og *h[eː]me.* Det vil dessutan vere interessant å sjå på ord som finst både med og utan diftong i ulike former for oslomål, dvs. med diftong i radikalt eller folkeleg oslomål og med monoftong i konservativt oslomål (typen *veit/vet, dreiv/drev, seint/sent, skreiv/skrev, reint/rent*). Dersom det er slik at det folkelege oslomålet spreier seg, kunne ein vente at former *med* diftong vil vere ekspansive, slik at former som *veit* og *dreiv* tek over for *vet* og *drev*. Ord som berre førekjem med monoftong både i folkeleg og konservativt oslomål, som *flere, helt, mer, mene* osb., og som dermed har same form i mesteparten av austlandsområdet, er ikkje interessante i denne samanhengen og er derfor ikkje tekne med. Det finst så å seie ingen belegg i datamaterialet på monoftongering av *øy* og *au* framfor kort konsonant der desse formene skil seg frå Oslo/-standardtalemålet. Dei fleste belegga på *øy* er ulike variantar av *kjøre* og *høre*, medan det så å seie ikkje finst nokon belegg i det heile på diftongen *au*. Eg vil derfor konsentrere meg om monoftongering av *ei*. Former som fell saman med dei folkelege oslovariantane, får ein

eigen kode, slik at ein kan skilje desse frå dei formene der dialektvariantane er forskjellige frå både folkeleg og konservativt oslomål. På same måte får også dei nivellerte variantane av dei respektive formene kvar sin kode slik at ein også kan halde desse innbyrdes frå kvarandre (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.3).

6.1.4 Nektingsadverbial i trykksvak stilling: NEG

På Røros finn vi to former av nektingsadverbialet alt avhengig av om det står trykksvakt eller trykksterkt. Tradisjonelt har rørosmålet forma *inte* i trykksterk stilling, og *ittj* [icː] i trykksvak stilling. Men det ser ut til at forma *ikke* [ikːə] for lengst har teke over i trykksterk stilling. I denne posisjonen har bruk av *ikke* derfor status som lokalt trekk her. I det folkelege trondheimsmålet finn vi også formene *ittj* [icː] i trykksvak stilling og *ikke* [ikːə] i trykksterk, men i yngre mål ser *ikke* ut til å erstatte *ittj* også i trykksvak stilling (jf. Fintoft & Mjaavatn 1980). I tradisjonelt tynsetmål, derimot, har forma *ittje* [icːə] vore brukt åleine både i trykksterk og trykksvak posisjon. Vi finn former som *[icːə] og [itːə]*, altså med eller utan palatal uttale, i store delar av austlandsområdet (østerdalsk og opplandsk) og i Bardu og Målselv, men forma *med* palatal uttale og *apokope [icː]*, er karakteristisk for trøndersk. I både radikalt og konservativt standardtalemål er *ikke* einerådande form. Denne forma er vanleg i heile det vikværske området og dessutan også i Finnmark og i Nord-Troms.

For Røros vil det først og fremst vere interessant å sjå om forma *ikke* spreier seg også i trykksvak stilling til fordel for forma *[icː].* Her blir det med andre ord viktig å skilje frå kvarandre former som står trykksterkt og trykksvakt (jf. kap. 7, pkt. 7.2.2.4). På Tynset er dette noko enklare sidan den tradisjonelle forma *[itːə]/[icːə]* var einerådande. Her blir spørsmålet dermed om den tradisjonelle forma held seg eller om *ikke* er i ferd med å ta over, uavhengig av trykkforhold.

Den tradisjonelle varianten av nektingsadverbialet, *itte*, blir karakterisert som ei "brei", "bondsk" og "gamaldags" form av fleire av dei unge tynsetinformantane, medan rørosforma *ittj* knappast blir kommentert av nokon av rørosinformantane. Etter alt å døme blir altså forma *itte* vurdert ganske annleis og er meir sosialt stigmatisert på Tynset enn det som er tilfellet for *ittj* på Røros. I omsettingsoppgåva om bjørnen førekjem nektingsadverbet to gonger, begge gonger i sambandet *kan ikke*. Rørosungdomane bruker her utelukkande forma *itj*, medan tynsetungdomane berre bruker forma *ikke* eller *kan'kke*.

6.1.5 Trykkplassering i importord: TRYKK

I ein del norske målføre, primært austnorske og trønderske, blir importord, dvs. lånord og framandord, tilpassa norske trykkforhold og får såleis trykk på den første stavinga; t.d. *'assistent*, *'dialekt*, *'frisør, 'studere*. Geografisk fell den austnorske trykkfordelinga stort sett saman med grensene for jamvektsregelen (jf. pkt. 6.1.6). Mange norske målføre og det konservative standardtalemålet held likevel på trykkfordelinga frå opphavsmålet, slik at trykket blir plassert på den siste eller nest siste stavinga; t.d. *assi´stent*, *dia´lekt*, *fri´sør, stu'dere* osb. Både det tradisjonelle rørosmålet og tynsetmålet følgjer austnorsk trykkplassering med hovudtrykk på første staving. Sjølv om dette også er vanleg aksentuering i det folkelege trondheimsmålet, kan det sjå ut til at høgstatusforma med trykk på seinare stavingar, breier seg her (jf. Vold Ulset 2002:62).

I osloområdet finn vi også utstrekt bruk av trykk på førstestaving i ord av denne typen. Norsk språkråd gjekk i 2001 inn for at dei i uttaletilrådingar for "normert uttale", dvs. uttale av standardspråka bokmål og nynorsk, ville tilrå både såkalla austnorsk og vestnorsk trykkplassering:

> I ordtypar som har to utbreidde mønster for trykkplassering, skal begge mønstra kunne brukast i standardspråksuttalen (f.eks. både /´u:ansvarleg/ og /uan´sva:rleg/). Dette gjeld også såkalla austnorsk og vestnorsk trykkplassering, som altså begge kan brukast (f.eks. både /`avis/ og /a´vi:s/). Trykkplasseringar som ikkje viser slike tradisjonelle geografiske mønster, f.eks. /ka´o:s, vi´de:o, o´pe:ra/ og /data`ba:se/, er ikkje tilrådde. Trykket i nylaga ord (jf. database) skal følgje tradisjonelle norske mønster. http://www.sprakrad.no/uttale.htm

Utspelet skapte mykje debatt i media (jf. t.d *Aftenposten* 11.04.2001 og 10.05.2001). Striden står altså om også den austnorske og trønderske trykkplasseringa skal aksepterast i standardspråksuttale. Det er tydeleg at dette strir mot mange si oppfatting av standard-uttale. I Oslo har trykk på førstestaving tradisjonelt vore knytt til austkantdialekten og til låg sosial prestisje. Men det er nok først og fremst i Oslo at det heng eit sosialt stigma ved dette trekket. Utspelet vekte ikkje slike negative reaksjonar utafor hovudstaden. I *Hamar Arbeiderblad* (02.02.2001), til dømes, skreiv ein tvert imot med begeistring om at trykk på førstestaving, som først og fremst er eit geografisk og ikkje eit sosialt trekk i store delar av austlands- og trøndelagsregionen, no var akseptert som standarduttale. Ei forklaring på at trykkplassering på førstestaving er mindre stigmatisert utafor enn i hovudstaden, er at trykkplassering ikkje berre gjeld uttale av enkeltord, men er sterkt med på å skape setningsrytmen. Derfor opplever mange dette som eit like grunnleggjande trekk ved det personlige talespråket som setningsmelodien (jf. Skjekkeland 1997).

Det vil vere interessant å sjå om den negative vurderinga av trykk på førstestaving i importord som vi finn i osloområdet, også er å finne på Røros og Tynset, og om trekket er i ferd med å forsvinne, eller om dette er eit trekk som held seg. Trykk på førstestaving i importord er eit språktrekk som har brei regional støtte, og som blir brukt i bymål både i Trondheim og i Oslo. Det er såleis ikkje eit spesielt lokalt eller ruralt markerande trekk, men det er, som vi har sett, knytt eit sosialt stigma til dette språktrekket. Det er likevel ikkje eit trekk som blir nemnt spesielt av informantane korkje på Røros eller Tynset. I omsettingsoppgåva om bjørnen førekjem importordet *imponert*. Ingen av dei unge informantane frå Røros og Tynset markerer trykkplassering ved dette ordet. Det at ingen kom på å markere dette i skrift, kan kanskje vere fordi trykkplassering på førstestaving *ikkje* er særskilt salient i desse områda, eller fordi prosodiske trekk er noko folk sjeldan vil kome til å markere skriftleg.

6.1.6 Jamvekt og jamning: JAM

Røros- og tynsetmålet høyrer tradisjonelt til jamvektsmåla, med jamningsformer i historiske jamvektsord, og *e*-ending i historiske overvektsord. Rørosmålet skil seg på den måten frå andre trønderske målføre som har apokope i dei fleste overvektsord (jf. pkt. 6.1.7). Jamvektsorda kan delast inn i tre hovudgrupper etter dei historiske endevokalane:

i) har -a- i siste staving, omfattar infinitivar og svake hankjønnsord
ii) har -u-/(-o-) i siste staving, omfattar vesentleg svake hokjønnsord
iii) har -i-/(-e-) i siste staving, omfattar ord som høyrer til ulike grammatiske kategoriar

Desse tre gruppene kan igjen delast i like undergrupper etter den første vokalen i ordet, slik at vi får ulike typar jamvektsord: *a-a, o-a, u-a, i-a* osb. (jf. Reitan 1932). Sidan talet på belegg på svake ho- og hankjønnsord er relativt avgrensa, vil eg her først og fremst konsentrere meg om dei historiske jamvektsinfinitivane og dermed *a-gruppa*. Både *a*-gruppa og *u*-gruppa har opphavleg utjamning til *å-å* og *u-u* både på Røros og Tynset. Innafor *a*-gruppa har rørosmålet og tynsetmålet likevel vaklande handsaming av einskilde typar. Ein del ord har *å-å,* medan andre endar på *-a* og kan ha ulike vokalar i første staving. Tradisjonelt heiter det t.d. *jåggå*, *såvvå*, *vårrå* og *kåmmå*, men *vætta*, *jærra*, *lesa og eta* både på Røros og Tynset. Utjamningsformer er eit karakteristisk trekk for dei trønderske dialektane, men finst altså også tradisjonelt i dialektane lengst nord i Østerdalen. Historiske jamvektsord med endingane *-ja* og *-ju* blir tradisjonelt handsama som overvektsord i begge områda.

I store delar av austnorsk har kvantiteten i dei historiske jamvektsorda utvikla seg slik at vokalen har vorte forlenga, t.d. *væ:re, væ:ra* eller *va:ra*, i motsetnad til i rørosmålet og tynsetmålet (og trøndersk generelt) der konsonanten har vorte lang. I det folkeleg oslomålet har ein tradisjonelt kløyvd infinitiv med tiljamningsformer som *væra* og *jøra*. I det konservative oslomålet finn ein derimot ingen spor av den historiske jamvektsregelen. Både opphavlege overvektsord og jamvektsord blir her uttalt med trykklett *-e*.

Jamning er eit av dei målmerka som skil trøndermåla innbyrdes frå kvarandre. Former med utjamning som *vårrå* og *vukku* er særleg vanlege i inntrøndersk, medan uttrøndersk, inkluderet trondheimsmålet, har mest tiljamningformer som *værra* og *vækka*. I Trondheim er tiljamningsformer likevel hovudsakleg å finne i eldre trondheimsmål. Allereie i 1972 skreiv Dalen og Stemshaug: "i yngre mål har dei fleste slike ord fått same utvikling som opphavlege overvektsord, slik at det i dag heiter: å *fær'*, å *græv'*, å *kåmm'*, å *læs'*, å *gjør'*" (1972:34). Dalen (1990b:207f) tolkar dette både som ei systemforenkling og som eit kompromiss mellom det folkelege bymålet og "fintrøndersken".[58] Former med apkokope er no på framgang mange stader i Trøndelag (jf. Skjekkeland 2000, Vold Ulset 2002).

Som vi har sett, blir dette språktrekket realisert på ulike måtar i dei ulike impliserte varietetane; jamningsformer i den tradisjonelle rørosdialekten og tynsetdialekten, for ein stor del apokoperte former i trondheimsmålet og trykklett *-e*-ending i Oslo-/standard-talemålet. Dette språktrekket er såleis ein god kandidat for å kunne avdekkje ei eventuell regional utvikling (jf. diskusjonen i pkt 6.1 ovafor). Her vil det altså vere interessant å undersøkje om dei historiske jamvektsinfinitivane på Røros og Tynset følgjer utviklinga i Trondheim og blir apokoperte, eller om vi får inn former med trykklett *-e* etter inspirasjon frå Oslo-/standardtalemålet.

Dei tradisjonelle utjamningsformene er svært avstikkande i høve til begge skrift-språkstandardane og er også svært forskjellige frå Oslo-/standardtalemålet. Dei skil seg dessutan markert frå dei "nye" apokoperte trondheimsformene. Dei ulike variantane er såleis svært distinkte. Dette er former som mange av informantane på Røros, og også nokre av tynsetinformantane, nemner som særleg "breie" dialekttrekk. I omsettingsoppgåva om bjørnen førekjem jamvektsinfinitivane *vite*, *være* og *gjøre*. Rørosungdomane har omsett

[58] Det normaliserte trondheimsmålet, eller den såkalla "fintrøndersken", har ikkje spor etter det historiske jamvektssystemet. Både opphavlege jamvektsord og overvektsord blir uttalt med trykklett *-e*. Denne *e*-en har ein noko tydelegare uttale enn det som er vanleg i det konservative oslomålet. Ifølgje Dalen (1990:209) er enkelte klar over denne skilnaden, og kompenserer med å uttale slike *e*-ar som *ø*: *kåmmø*, *værø* osb.

infinitivane til desse formene: *vætta/vetta, vårrå/værra* og *jerra/gjerra/gjørra/gjør*. Ungdomane på Røros bruker altså stort sett jamningsformer i den skriftlege omsettinga til sin eigen dialekt. Den apokoperte forma *gjør* førekjem berre hos ein informant, og han korrigerer dessutan seg sjølv. Han har stryke over *gjør* for så å skrive *gjerra*. Blant tynsetungdomane er variasjonen mykje større. Her finn vi både dei tradisjonelle utjamningsformene, apokope og e-infinitiv: *våttå/vite*, *vær/vør/være* og *gjør/gjær/gjærra/ gjøre*. Dei formene som går att hyppigast, er *vite*, *vør* og *gjør*. Vi ser altså at det er ein del variasjon i bruken av dette trekket i dei skriftlege representasjonane av respektive rørosdialekten og tynsetdialekten, noko som kan tyde på at dette er eit trekk som også varierer i tale.

6.1.7 Apokope i tostavingsord: APOK

I størstedelen av Trøndelag blir tostava overvektsord apokoperte, men i rørosmålet og tynsetmålet er apokopen relativt sjeldan. Apokopen i tostavingsord heng her, ifølgje Reitan (1932:117), *ikkje* saman med historisk overvekt, slik som tilfellet er i dei fleste trønder-dialektar, men ser ofte ut til å skuldast analogi med nærskylde former. Både Røros og Tynset ligg i det sørlege grenseområdet for apokope. Ifølgje Hallfrid Christiansen (1948) er sørgrensa for apokopen Øvre Rendal. Omfanget av apokope er her svært avgrensa og omfattar i hovudsak infinitiv av svake *ja*-verb og fortidsforma av nokre verb. Adjektiv som *store* og *mange* og determinativ som *alle* blir også forkorta i enkelte stillingar, men dei tostavingsformene som oftast blir apokoperte, tilhøyrer verbet, og det er derfor desse eg vil konsentrere meg om her.

Historiske jamvektsord med endingane *-ja* og *-ju* blir tradisjonelt handsama som overvektsord i Trøndelag og Nord-Østerdalen, og endar dermed på trykklett *-e* både på Røros og Tynset. Men infinitiv av svake *ja*-verb som *fortelja* /fɔrtœːɽ/, *spyrja* /spøɾː/ og *leggja* /lægː/ blir likevel forkorta begge plassane. Ifølgje Hallfrid Christiansen (1948:194) har desse infinitivane misst endevokalen under påverknad av den einstava presensforma. Reitan (1932) meiner også at forklaringa på forkorting av endevokalen her er at presens-forma har fortrengt den historiske infinitiven, dvs. at apokopen inntrer ved analogi. Infinitivsforma å *seie* blir også forkorta på Røros og Tynset (dvs. til å *sei*). Grunnen til denne forkortinga finn Reitan i "hyppig bruk og derav følgende "slit", delvis også at fortid også har én stavelse: *sa.*" (Reitan 1932:118). Sterke *ja*-verb som *liggja* og *sitja* blir derimot *ikkje* forkorta, men blir handsama som andre overvektsord i rørosmålet og tynsetmålet,

dvs. får utlyds *-e;* /lig:ə/ og /sic:ə/.[59] Andre tostava verbformer som tradisjonelt blir forkorta både i rørosmålet og tynsetmålet, er fortidsforma av modalverba *måtte* /mɔc:/, *skulle* /skʉʌ:/, *kunne* /kʉɲ:/ (også ofte i nydanna form /kʉɲ:ɑ/) og fortidsforma *gjorde* /joʈ/. Infinitiv av overvektstypen, inkludert infinitiv av sterke *ja*-verb, blir altså *ikkje* apokoperte, men har i regelen utlydande trykklett *-e* (dvs. som standardtalemålet) både på Røros og Tynset. Rørosmålet skil seg altså på dette punktet frå anna trøndermål.

Her vil det vere interessant å sjå på om dei formene som tradisjonelt skulle hatt apokope på Røros og Tynset, framleis blir apokoperte eller om dei får trykklett *e*-ending som resten av overvektsorda. For Røros sitt vedkomande er det også interessant å sjå på om dei historiske overvektsorda held på uttalen med utlyds-*e*, eller om desse formene blir apokoperte som i resten av Trøndelag. Dersom apokopen skulle vere på frammarsj, ville det kunne tyde på ei regional utvikling. Apokope er ikkje eit dialekttrekk som blir nemnt spesielt av informantane, og er heller ikkje brukt i omsettingsoppgåva om bjørnen.

6.1.8 Bestemt form fleirtal av substantiv: BFPL

Dei aller fleste substantiv, både i femininum, maskulinum og nøytrum, får tradisjonelt endinga *-an* eller *-n* i bestemt form fleirtal nominativ både på Røros og på Tynset (jf. bøyingsskjemaet nedafor). Maskuline substantiv har utan unntak *-an*-ending. Det same gjeld for dei aller fleste substantiv i femininum med unntak av nokre få omlydssubstantiv som får endinga *-en* (*bok – bøken*). Nøytrumsord som endar på trykksvak *-e* i ubestemt form eintal, får også *-an*-ending i bestemt for fleirtal (*møte – møtan*). Andre nøytrumsord endar derimot på *-a* i bestemt form fleirtal (*tak – taka*).

[59] Ei mogleg forklaring på dette kan vere at *leggja/settja* og *liggja*/*sitja* har ulik valens. Generelt blir kan hende transitive verb lettare apokoperte sidan dei har eit ord umiddelbart etter seg, enn intransitive verb som gjerne står til slutt i ei setning. Torp (2003) er inne på eit likande fenomen når han viser til at setningsrytmen kan spele ei viktig rolle for den fonologiske utviklinga. Ord som hamnar i trykklett stilling av setningsrytmiske årsaker blir f.eks. lettare utsett for setningsrytmisk reduksjon i form av apokope. Torp viser til Hallfrid Christiansen (1948) som meiner at det nordnorske *-e/-a*-målet har oppstått ved at infinitivsendinga opphavleg har vorte redusert fordi verb oftare står inne i setninga enn substantiv.

Bøyingsskjema for det tradisjonelle rørosmålet og tynsetmålet[60]

Maskulinum

	Eintal		Fleirtal	
	Ubestemt	Bestemt	Ubestemt	Bestemt
Nom	*sekk*	*sek'ken*	*sekka/sekker*	*sekkan*
	bakke	*bakken*	*bakka/bakker*	*bakkan*
	nåvvå	*nåvvån*	*nåvvåa/nòvvòr*	*nåvvåan//nòvvò(a)n*
men:	*fot*	*fo'tn*	*føt/føter*	*føtn*
dativ:				*sekkom/sekköm*
Femininum				
	bygd	*bygda*	*bygda/bygder*	*bygdan*
	vise	*visa*	*visa/viser*	*visan*
	vukku	*vukku*	*vukku(a)/vukkur*	*vukkuan/vukkun*
men:	bok	*boka*	*bøk/bøker*	*bø'ken*
dativ:				*bygdom/bygdöm*
Nøytrum				
	tak	*take*	*tak*	*taka*
	møte	*møte*	*møta/møter*	*møta(n)*

I hovuddelen av dei nordnorske måla endar dei fleste substantiv, inkludert nøytrumsorda, i bestemt form fleirtal på *-an*. Trondheimsdialekten har også fleirtalsendinga *-an* i nøytrumsord, på same måte som i nordnorsk: *takan*, *husan* (jf. Dalen 1978:10). Resten av trøndersk, inkludert rørosmålet, har tradisjonelt endinga *-a*: *taka*, *husa*. Men fleirtalsendinga *-an* er på frammarsj hos yngre språkbrukarar i Trøndelag, særleg i urbaniserte strok. Dette forklarer Dalen (1990a:131) dels med påverknad frå Trondheim bymål, og dels som ei generell forenkling av bøyingssystemet.

I Østerdalen går den sørlege grensa for *-an* ending i bestemt form fleirtal om lag ved Øvre Rendalen. Lenger sør, i midaustlandsk og opplandsk, finn vi *-a* ending i hankjønnsorda og *-en* i hokjønnsorda, slik at dei heiter *båta* og *jenten* i bestemt form fleirtal. Endå lenger sør i vikværsk, finn vi trestava former med endinga *-æne* eller *-ene* som i *bilæne og jentene*. I tradisjonelt osloaustmål har hankjønnsorda tostavingsformer som i *hesta*, medan hokjønnsorda har trestavingsformer som i *skålene*. I det konservative Oslo-/standardtalemålet har vi derimot berre trestavingsformer: Her heiter det *hestene*, *bilene*, *skålene*, *jentene* og *møtene*.

I denne samanhengen er det for det første interessant å sjå om dei tostava formene (med endingane *-an/-n/-a* eventuelt også dativ *-om/-öm*) held seg på Røros og Tynset, eller om dei blir nivellerte til den trestava standardforma *-ene*. Det er også interessant å sjå på

[60] I ubestemt form fleirtal har rørosmålet tradisjonelt *-a*-ending medan tynsetmålet har *-er*. Dativforma i bestemt for fleirtal er *-om* på Røros og *-öm* på Tynset.

om *-an*-endinga, som er den vanlegaste av fleirtalsendingane i desse områda, spreier seg til feminina av typen *bok* og til nøytrumsord av typen *tak*, etter mønster frå Trondheim bymål. Det vil i tilfelle kunne peike i retning av ei regional utvikling. Fleirtalsendinga i bestemt form er ikkje eit trekk som blir nemnt spesielt av informantane korkje på Røros eller Tynset, og er heller ikkje med i omsettingsoppgåva om bjørnen.

6.1.9 Ubestemt form fleirtal av substantiv: UFPL

Denne variabelen gjeld berre for rørosmålet, og er eitt av dei få trekka som tradisjonelt skil måla i Nord-Østerdalen frå dialektane i Sør-Trøndelag (jf. Øverby 1974:46). I det tradisjonelle rørosmålet endar dei aller fleste substantiv på *-a* i ubestemt form fleirtal, medan dei endar på *-er* i tynsetmålet. Dette er ein forskjell fleire av rørosungdomane er merksame på. Ei jente skriv t.d.: "Tynsetingene har mye endingen *-er* som uttales i flertall, der vi har *-a*. Eks: Tynset: *baller*, *osinger* Røros: *balla*, *osinga*."

Som vi kan sjå av bøyingsskjemaet ovafor, er unntaka dei same som for *-an*-ending i bestemt form – dvs. hankjønnsord av typen *fot – føt*, hokjønnsord av typen *bok – bøk* og nøytrumsord av typen *tak – tak*. Nokre utjamningssubstantiv vil også kunne ende på andre vokalar enn *-a* (t.d. *hårrå*, *måsså*, *vukku*).

Variabelen kan også skildrast som bortfall av endings *-r*. I rørosmålet har *-r* falle bort i alle klasser, medan tynsetmålet altså ikkje har bortfall av *-r* her. Store delar av Trøndelag, Vest- og Sørlandet har også *r*-bortfall i alle klasser. I trondheimsmålet endar nøytrumsord og svake hokjønns- og hankjønnsord på *-a*, medan sterke hokjønns- og hankjønnsord tradisjonelt endar på *-e* (*grise*, *helge*). Men ending på *-a* er på frammarsj i trondheims-målet, noko som fører med seg ei generell forenkling av paradigmet (jf. Dalen 1990b:207). Heile det austlandske målområdet, inkludert oslomålet, har ståande *-r* i alle klasser. Alle substantiv i ubestemt form fleirtal endar såleis her på *-er*.

Her vil det vere interessant å sjå på om dei tradisjonelle *-a/-Ø* og *utjamnings*-endingane held seg, eller om endinga *-er* er på veg inn. Det vil vidare vere interessant å sjå om *-a*-endinga spreier seg til former som tradisjonelt har hatt *-Ø* eller utjamning (*vukku(a)* > *uka*), etter mønster frå Trondheim bymål – noko som i tilfelle vil kunne indikere ei regional utvikling. Dette trekket blir ikkje nemnt spesielt av rørosungdomane, men i omsettingsoppgåva om bjørnen, der dei to formene *bjørner* og *rever* førekjem, skriv alle utan unntak *bjørna* og *reva*. Bøyingsendinga i ubestemt form fleirtal kan altså sjå ut til å vere eit relativt stabilt og ikkje særleg salient trekk på Røros.

6.1.10 Presens sterke verb og *ja*-verb: PRES.ST

Både rørosmålet og tynsetmålet har tradisjonelt kortformer i presens av sterke verb og omlyd der det er aktuelt, t.d. *kjæm*, *grev*, *søv, finn*. Gruppa svake *ja*-verb har normalt hatt same utvikling som som dei sterke verba, slik at variabelen omfattar begge desse verbtypane. Kortformer og omlydd vokal i presens av sterke verb finn ein i storparten av landet inkludert heile Trøndelag og Nord-Østerdalen. Det ser likevel ut til å vere ein sterk tendens til at *ikkje*-omlydde former som *kåmmer*, *graver* og *såver*, tek over i byar og tettstader på Vestlandet og Austlandet. Dei omlydde kortformene har på den måten brei støtte i rurale delar av landet, men sviktande støtte i urbane strok. Ifølgje Dalen (1978:16) er det likevel ingen forskjell på bymål og bygdemål når det gjeld dette trekket i Trøndelag. Trondheim bymål har også tradisjonelt kortformer, men unge trondheimarar i dag vil nok også kunne bruke langformer (Dalen munnleg opplysning).

Det vil vere interessant å sjå på om kortformene held seg på Røros og Tynset, eller om det er i ferd med å skje ein generell overgang frå kort- til langformer. Det vil i tillegg vere interessant å sjå på om dei omlydde kortformene er meir utsette enn dei andre kortformene.

Ingen av informantane nemner dette trekket spesielt, og i omsettingsoppgåva om bjørnen skriv alle dei unge informantane, både på Røros og Tynset, interessant nok "*for da bit fisken*". Ingen bruker forma *biter* her. Dette kan tyde på at kortformene i presens av sterke verb er relativt stabile og lite saliente både på Røros og Tynset.

6.1.11 Presens svake verb: PRES.SV

På line med dei aller fleste dialektar i landet har både rørosmålet og tynsetmålet tradisjonelt bortfall av trykklett endings *-r* i tostava presens av svake a- og e-verb. Former med ståande *-r* finn vi i dei søraustlege delane av landet og elles i nokre bymål utafor dette området. Også i Trondheim er former med ståande *-r* stadig meir vanlege, men tradisjonelt hadde ein ikkje endings *-r* her (jf. Fintoft & Mjaavatn 1980). Grensene for *-r*-bortfall i presens av svake verb følgjer stort sett grensene for *-r*-bortfall i ubestemt form fleirtal av hankjønns- og hokjønnssubstantiv, men tynsetmålet har vel å merke ikkje *r*-bortfall her (jf. pkt. 6.1.9 ovafor). Grensa mellom *r*-bortfall og ståande *-r* i substantiv går akkurat mellom Sør-Trøndelag og Nord-Østerdalen. Nord-Østerdalen, eit lite område lenger sør i Hedmark og eit område i Ryfylke er dei einaste områda som har ståande *-r* i substantiv, men bortfall

ved verba (jf. Skjekkeland 1997:272). Standardtalemålet held på endrings-*r* av alle svake verb. Her vil det vere interessant å sjå nærare på om utlyds -*r* i presens av svake verb er på veg inn i rørosmålet og tynsetmålet, eller om den tradisjonelle uttalen utan -*r* held seg. Dette er heller ikkje eit trekk som blir nemnt særskilt av informantane korkje i den første spørjeskjemarunden eller i intervjua. I omsettingsoppgåva om bjørnen førekjem det to svake presensformer: *kjenner* og *verker*. Alle rørosungdomane skriv her *kjenne* og *verke*, medan om lag halvparten av tynsetungdomane bruker den tradisjonelle forma. Resten skriv *kjenner* og *verker* med utlyds -*r*.

6.1.12 Supinum av sterke verb: SUP

Utlydsvokalen i supinum av sterke verb er i regelen -*i* eller -*e* i dei aller fleste målføre i landet. Røros- og tynsetmålet har tradisjonelt tostava sterke supinumsformer med -*e*-ending og lang konsonant som i *vorre*, *drevve* og *såvve*. Dei fleste dialektane i den sørlege og vestlege delen av Trøndelag, i Østerdalen og på Sør- og Vestlandet har også sterke partisippformer med -*e*, men det varierer om det er vokalen eller konsonanten som er lang. Størstedelen av dei nordlege og austlege trønderdialektane og dialektane på Austlandet og i Telemark har -*i*-ending (*vorri/vo:ri*, *drivvi/dri:vi*, *såvvi/så:vi*).

Sterke partisippendingar på -*e* eller -*i* deler med andre ord det trønderske dialektområdet i to (jf. Jenstad & Dalen 2002:37f). I Trondheim bymål endar sterke partisippar tradisjonelt på -*e*, men her, som i mange andre bymål, har fleire opphavleg sterke verb etter kvart fått svak bøying. I Trondheim kan ein såleis finne former som *hågd, jidd, bært, skjært* og *hållt* (jf. Dalen 1978:17). Også partisippformer som *vært* istf. *vorre* og dessutan *så:ve* istf. *såvve* førekjem blant yngre folk i Trondheim (jf. Vold Ulset 2002:26).

Det tradisjonelle austkantmålet i Oslo har -*i*-ending, noko som potensielt kan gi ein viss status til denne forma, men innafor byen er dette ei typisk lavstatusform som det nok er knytt eit visst stigma til. Det konservative standardtalemålet har, på line med bokmål, -*t*-ending i tostava sterke supinumsformer (*drevet*, *sovet*), men har elles teke i bruk svake einstava partisippformer -*t*/-*tt* (*vært*, *gitt*, *tatt*).

Det er som nemnt ikkje uvanleg at svake former kjem inn i perfektum partisipp av sterke verb. Verba held elles på vanleg sterk bøying, men supinumsforma blir einstava og får altså svak bøying (*bært*, *kåmt*, *jitt*, *tatt* for *bore*, *kome*, *jeve* og *teke*). Slike svake former er mest utbreidde på Austlandet og elles i mange bymål. Sterke verb med rotutlyd på vokal ser ut til å vere dei som lettast innfører svake partisippformer: *ta – tatt*, *be – bett*, *gå – gått*

(jf. Skjekkeland 1997:177). I Sør-Noreg endar desse formene til vanleg på *-tt*. I Nord-Noreg og dessutan i Trondheim vil dei oftast ende på *-dd*: *gådd*, *tadd*.

Det vil vere interessant å sjå om rørosmålet og tynsetmålet held på dei tostava sterke supinumsformene med *-e*-ending, om dei har gått over til *-t*-ending eller til einstava svake former. Når det gjeld verba *gå*, *få*, *stå, sjå, gi, be,* så har desse lenge hatt einstava svak supinumsbøying – *gått*, *fått*, *slått*, *sett*, *gitt*, *bett* – og er derfor ikkje med som belegg her (jf. kap 7, pkt. 7.2.2.12).[61] Verba *slå*, *li*, *le*, *gli* og *svi* er derimot tekne med, sidan desse vekslar mellom *slee*, *lee*, *lee*, *glee*, *svie* og *slått*, *lidd*, *ledd*, *glidd* og *svidd* (jf. Reitan 1932:156).

Sterke partisippformer blir berre sporadisk nemnt som eit særtrekk ved dialektane på Røros og Tynset. I omsettingsoppgåva om bjørnen finn vi partisippforma *vært*. Interessant nok skriv alle rørosinformantane *vørre*, medan tynsetinformantane varierer mellom formene *vørre*, *vør* og *vært*. Dette kan tyde på at det er større variasjon ved dette trekket på Tynset enn på Røros.

6.1.13 Personleg pronomen 1. pers. sg. subj.form: PERS.1

I rørosdialekten blir første person eintal av det personlege pronomenet tradisjonelt uttala *je*. Her skil Røros lag med størsteparten av Trøndelag. Innafor trøndermåla finn vi stor variasjon i pronomenbruken – alt frå *eg*, *e*, *æg*, *æ*, *eig*, *ei* og *i* til *je*. Men *æ* er klart den forma som har størst utbreiing i fylket, og som ved sida av *jei* er den forma som blir nytta i Trondheim. I tynsetmålet er den tradisjonelle forma i første person personleg pronomen *ei* og ikkje *je* (jf. Reitan 1926:36). Det ser likevel ut til at *je* har teke over som lokal form også på Tynset, og altså erstatta *ei*. Forma *je* er svært utbreidd i Østerdalen og lenger sør på Austlandet, men finst stort sett ikkje andre stader i Trøndelag, med unntak av Singsås.[62] Det vil seie at *je* har støtte i nærregionen for Tynset sitt vedkomande, men ikkje for Røros.

Forma *je* er sett saman av halvvokalen /j/ og den lange vokalen /eː/, /jeː/. I stillingar der pronomenet står trykksterkt, vil *je* ha ein tydeleg kvalitet, men i meir trykksvake stillingar vil halvvokalen gjerne bli noko meir utydeleg, og forma vil kunne bli forkorta til

[61] Det kunne ha vore interessant å undersøkje om dei einstava trondheimsformene med *-dd* skulle vere på frammarsj til fordel for *-tt*, men det har eg likevel valt å la vere gå nærare inn på her.

[62] Jenstad og Dalen (2002:30) skriv at: "*J*e i rørosmålet heng geografisk saman med det store *je*-området i Østerdalen og Austlandet lenger sør, mens *je*-en i Singsås ligg som ei øy mellom bygder i Sør-Trøndelag og Nord-Østerdalen som har formene *e* eller *ei*". Dei meiner vidare at *je*-en i Singsås ikkje er eit lån frå Røros, men ei sjølvstendig utvikling.

e. Den forkorta forma *e* har eg valt å tolke som ei mellomform, sjølv om den kanskje også kunne reknast som ei lokal form (sjå vidare diskusjon i kap. 7, pkt. 7.1.13). Standardforma av det personlege pronomenet blir normalt uttala */jæ:i/*, men i omgivnader der pronomenet er svakare aksentuert, vil det kunne realiserast som /*jæ*/. Former med *j* i framlyd finst i austlandsk frå og med Grenland og nordover til og med Nord-Østerdalen, og som vi har sett, ein liten del av Sør Trøndelag. Standardformene *jæi* og *jæ* er tradisjonelt avgrensa til den sørlege delen av austlandsk, medan opplandsk og østerdalsk har forma *je*.

På Tynset står valet mellom dei lokale formene *je/ei,* mellomforma *e* eller standardformene *jæi/jæ*. Her vil det vere interessant å sjå på om forma *je* held seg eller om andre former er i ferd med å ta over. På Røros står valet mellom den lokale forma *je*, mellomforma *e*, den regionale forma *æ* eller standardformene *jæi/jæ*. "Fintrønder"-forma *jei* er eventuelt også eit alternativ på Røros. På Røros vil det vere interessant å sjå på om forma *je* held seg, om den regionale forma *æ* kjem inn, eller om standardformene *jæi/jæ* er i ferd med å ta over. Ved denne variabelen blir det mao. mogleg å avdekkje ei eventuell regional utvikling dersom det skulle vere slik at *æ* tek over i rørosmålet.

Fleire av informantane både på Røros og Tynset nemner den lokale varianten av førstepersonspronomenet som eit særtrekk ved dialekten. I omsettingteksten om bjørnen førekjem det personlege pronomenet to gonger. Alle rørosinformantane bruker utelukkande forma *je*, medan tynsetinformantane varierer mellom *jæi, jæ, je* og *ei*. Dei aller fleste tynsetinformantane bruker likevel forma *jæi* i den skriftlege attgjevinga av dialekten. Det kan altså sjå ut til at det er større variasjon ved dette trekket på Tynset enn på Røros.

6.1.14 Personleg pronomen 3. pers. pl. subj.form: PERS.3

Rørosmålet følgjer resten av målføra i Trøndelag når det gjeld pronomenbruken i tredje person fleirtal med forma *dæm* både som subjekts- og objektsform. Tynsetmålet på si side følgjer resten av måla i Østerdalen og opplandsmåla, og har tradisjonelt forma *døm* i subjekts- og objektsposisjon, men også forma *dæm* blir nytta her. Alle dialektar i landet har ei og same form uavhengig av syntaktisk funksjon. Berre det konservative standard-talemålet og bokmålsskriftnorma skil mellom *de* som subjektsform og *dem* som objekts-form. Austkantprega oslomål brukar *dem* i begge former. Andre dialektar har anten *dei, de*, *di* o.l. eller former med *-m* som *dem*, *dæm*, *dom*, *døm*. Former med *-m* blir nytta i Trøndelag, i heile austlandsregionen og i delar av Nord-Noreg. Former med *-m* i

subjektsposisjon har dermed støtte både i og utafor regionen både for Røros og Tynset, men har ingen støtte i standardtalemålet. Det same gjeld for forma *døm* som blir nytta i heile austlandsregionen, men altså ikkje i standardmålet. Tvert om er bruk av *dem* eller *døm* som subjektsform relativt stigmatisert.

På Røros blir forma *dæm* brukt både når det står som pronomen og som determinativ (t.d. *dæm flaskan der borte*). På Tynset skil ein tradisjonelt mellom pronomenforma *døm/dæm* og *di* som determinativ. Det som primært er av interesse her, er å undersøkje om folk på Røros og Tynset held på *dæm/døm* i nominativ, altså i subjektsposisjon, eller om *di* er på veg inn etter mønster frå bokmål og standardtalemålet. Dette trekket var ikkje nemnt spesielt av informantane korkje på Røros eller Tynset. Det var heller ikkje med i omsettingsoppgåva om bjørnen. Dermed har vi her få indikasjonar på kor stabilt eller variabelt dette trekket er på dei to plassane.

6.1.15 Spørjepronomen og resiproke pronomen: K/KV/H

I norrønt skilde ein mellom *hv-*, *kv-* og *v-* i framlyd. I størsteparten av norsk målområde er gamalnorsk *hv-* differensiert til *kv-*. I ord som gjerne står trykklett, særleg pronomen og adverb, kan *hv-* ha utvikla seg annleis. Fleire målføre, inkludert rørosmålet, har t.d. bortfall av *v-*. Spørjande pronomen, resiproke pronomen og andre pronominale adverbial som *kva*, *kven*, *kvifor*, *korleis*, *kvar* og *kvarandre* blir såleis uttalt som *ke*, *kem*, *keffer*, *kelles*, *kerr* og *kveranner*. Vi finn det same i mange vestlandsmål. I det tradisjonelle tynsetmålet vart også gamalnorsk *hv-* uttalt *kv-* eller *k-* i ord som som *kvit*, *kven, keffer*, *ker* og *kelles,* men fleire av spørjepronomena har gått over til *h-*: *håkken* (for kven), *håssen* (for kelles), men ein har framleis former som *keffer* og *kerr*.

Bruken av desse pronomena blir nemnt som typiske dialekttrekk av ein god del av rørosinformantane, men er ikkje noko mange av tynsetinformantane trekkjer fram. I omsettingsoppgåva om bjørnen førekjem dei to spørjepronomena *hvordan* og *hvor*. Rørosungdomane har utelukkande brukt former med *k-* her, men kva som kjem etter, varierer noko. For *hvordan* har ungdomane skrive *kosjn, kessen, kess'n, kess, kest, kes* eller *ke*, men for *hvor* finn vi berre ei form, nemleg *ke*. Det kan altså sjå ut til å vere stor variasjon ved enkelte spørjepronomen, medan andre er meir stabile. Hos tynsetungdomane finn vi langt mindre variasjon i den skriftlege omsettinga av *hvor* og *hvordan*. For *hvordan* skriv dei *åssen* eller *hvordan,* og for *hvor* førekjem berre forma *hvor*.

Det er her interessant å sjå korleis den munnlege bruken av desse pronomenformene er på dei to plassane. Etter den skriftlege attgjevinga å døme, kan ein kanskje vente at standardformene har teke over på Tynset, mens variasjonen er stor på Røros.

6.1.16 Dei ulike språktrekkas saliens

Som utgangspunkt for å seie noko om dei enkelte språktrekkas saliens, har eg for det første sett på om informantane trekkjer fram og kommenterer dei ulike dialektvariantane spesielt. Eg har også sett på *kva* dei eventuelt seier om det aktuelle dialekttrekket – dvs. om det blir positivt eller negativt vurdert. For det andre har eg sett på om dialekttrekka blir markerte i skrift. I ein norsk samanheng er dette likevel eit nokså problematisk kriterium (jf. diskusjonen i kap. 3 pkt. 3.3.2). Det er nemleg slett ikkje sikkert at skriftmarkering kan takast til inntekt for at eit trekk er salient for alle lingvistiske trekk. Mest sannsynleg vil det gjelde fonologiske og prosodiske trekk, men ikkje leksikalske og morfologiske. I dei to boksane nedafor har eg prøvd å samanfatte dei enkelte dialektvariantanes saliens ut frå dei to kriteria. Slik det går fram av tabellane, har eg *ikkje* rekna dei morfologiske og leksikalske dialektvariantane for saliente dersom dei blir markerte i skrift, men *ikkje* blir kommenterte spesielt. Skriftmarkering ved desse variablane kan tvert om tyde på at dette er stabile dialekttrekk. Det kanskje mest interessante ved skriftmarkering er om informantane varierer mykje eller om så å seie alle bruker dialektforma. I tabellane er negative kommentarar til dialektforma markert med minus og positive med pluss. Lang strek betyr at språktrekket ikkje førekjem i omsettingsoppgåva.

Rørosvariantanes saliens

	Kommentarar	Brukt i skrift	Salient?
S-PAL	JA +/-	JA	JA
A-PAL	JA +/-	JA	JA
MON	NEI	—	?
NEG	NEI	JA	NEI
TRYKK	NEI	NEI	NEI
JAM	JA +/-	JA	JA
APOK	NEI	—	?
BFPL	NEI	—	NEI
***UFPL**	NEI	JA	NEI
PRES.ST	NEI	JA	NEI
PRES.SV	NEI	JA	NEI
SUP	NEI	JA	NEI
PERS.1	JA +	JA	JA
PERS.3	NEI	—	?
K/KV/H	JA +/-	Variasjon	JA

For Røros sitt vedkomande står vi her att med at dei fonologiske dialektvariantane av S-PAL og A-PAL er saliente dialekttrekk som både blir vurderte positivt og negativt av informantane. Dei leksikalske eller leksikaliserte dialektvariantane av variablane PERS.1, JAM og K/KV/H er også relativt saliente. Dei to sistnemnde blir vurderte både positivt og

Tynsetvariantanes saliens

	Kommentarar	Brukt i skrift	Salient?
A-PAL	NEI	NEI	NEI
MON	JA +/-	—	JA
NEG	JA -	NEI	JA
TRYKK	NEI	NEI	NEI
JAM	JA +/-	Variasjon	JA
APOK	NEI	—	NEI
BFPL	NEI	—	NEI
PRES.ST	NEI	JA	NEI
PRES.SV	NEI	Variasjon	?
SUP	NEI	Variasjon	?
PERS.1	JA +/-	Variasjon	JA
PERS.3	NEI	—	NEI
K/KV/H	NEI	NEI	NEI

negativt, medan første person personleg pronomen så å seie utelukkande blir vurdert positivt. Stor interindividuell variasjon med omsyn til korleis dialekttrekka blir representerte i skrift, kan tyde på at det er stor variasjon også i tale. Meir eintydig bruk anten av dialektvarianten eller standardvarianten i skrift gir derimot signal om at dette er meir stabile trekk – anten fordi dialektvarianten er stabil eller fordi denne har vorte erstatta av ein alternativ variant.

På Tynset er blir ikkje A-PAL kommentert eller markert i skrift – truleg fordi dette ikkje er ein veldig aktuell variabel på Tynset. Dialektvarianten av MON, NEG, JAM og PERS.1 blir derimot kommentert. Vurderinga av desse dialektvariantane er både positiv og negativ, med unntak av nektingsadverbet *itte* som stor sett blir vurdert som bondsk. Stor variasjon i den skriftlege markeringa av desse trekka kan tyde på at dette er ustabile og saliente trekk. Dei potensielle konsekvensane av at eit dialekttrekk er salient er, som diskutert i kapittel 3, punkt 3.3, ikkje gitt på førehand. Om trekket blir positivt eller negativt vurdert av den enkelte språkbrukar, vil nok ha avgjerande innverknad på den enkeltes bruk av det aktuelle dialekttrekket.

6.2 Dei sosiale variablane

> [...] social variables themselves are typically continuous rather than discrete – people are more or less wealthy, or manly, or educated, or intense, rather than falling into clearly discrete (and internally homogeneous) social groups (Hudson 1980:143).

Vi inngår alle i mange ulike sosiale og kulturelle samanhengar, vi er medlemmar av ulike sosiale grupperingar, deltakarar i ulike sosiale nettverk og vi har ulike haldningar til og vurderingar av den sosiale røyndomen vi er ein del av. Det å dele informantar inn i ulike sosiale kategoriar kan i somme tilfelle kjennast som å tre ei tvangstrøye ned over denne røyndomen. Folk sine ulike tilhørsler i ulike sosiale kategoriar kan vere mange og overlappande, og ofte vil det, som Hudson er inne på (jf. sitatet over), vere meir eller mindre glidande overgangar mellom ulike sosiale kategoriar. Folk som blir plasserte i ein bestemt kategori, er gjerne ikkje eintydig det eine eller det andre. Trass i denne erkjenninga har fleire av dei sosiale variablane i denne, som i mange andre, sosiolingvistiske granskingar form av anten–eller-kategoriar. Dermed kan ein stå i fare for å gjere *andre* inndelingar og setje grensene mellom kategoriar *andre* plassar enn det folk sjølve ville ha gjort. Med desse reservasjonane i bakhovudet har eg valt å sjå nærare på nokre sosiale dimensjonar som eg trur er viktige i høve til dei språklege vala og tilpassingane ungdomane på Røros og Tynset gjer i sine daglege liv.

Eg har plukka ut tolv ulike sosiale variablar som i ulik grad og på ulike måtar kan seiast å vere delvis overlappande, men som likevel set fokus på ulike aspekt. Dei sosiale variablane er valde ut anten fordi dei på ein eller fleire måtar er relevante i høve til variasjon og endring generelt, eller fordi dei er relevante i høve til mine undersøkings-område spesielt. Nokre av variablane er nærmast "obligatoriske" sosiolingvistiske inndelingskategoriar, men eg har også valt å formulere nokre sosiale variabelkategoriar som ikkje er så vanlege i sosiolingvistisk samanheng, og som kanskje vil vise seg å vere vel så relevante for mitt materiale som dei meir tradisjonelle kategoriane. Nedafor følgjer eit oversyn over dei sosiale dimensjonane eg har valt å undersøkje.

Fleire av dei sosiale variablane som er valde ut her, er altså velprøvde og har vist seg sentrale i studiet av sosiolingvistisk variasjon og endring i frammarsj. Nokre av variablane har likevel vore noko mindre brukte i sosiolingvistisk samanheng. Dei sosiale variablane alder, kjønn, sosial bakgrunn, foreldrebakgrunn og gruppetilhørsle er kanskje særleg velprøvde, og har også vist seg å vere viktige sosiale dimensjonar i høve til variasjon og

endring. Studie av kva haldningar har å seie for språkbruk og språkendring er også veldokumentert (jf. t.d. Ryan & Giles 1982, Giles & Coupland 1991 og Kristiansen 1991).

Oversyn over dei sosiale variablane

1) Alder	*ung/vaksen*
2) Kjønn	*gut/jente & mann/kvinne*
3) Sosial bakgrunn	*akademisk/ikkje-akademisk*
4) Skuleretning	*allmennfag/yrkesfag*
5) Foreldrebakgrunn	*ingen/ein/begge frå plassen*
6) Framtidsplan	*bli/flytte/flytte tilbake*
7) Lokalisering	*sentrum/utkant*
8) Gruppetilhørsle	*bus-rånar/soss-skatar /skule-idrett/skule-kultur*
9) Lokal orientering	*pluss/nøytral/minus*
10) Urban orientering	*pluss/nøytral/minus*
11) Haldning til heimstaden	*pluss/nøytral/minus*
12) Haldning til eigen dialekt	*pluss/nøytral/minus*

Korleis ulik stadsorientering, tilhørslekjensle, interesser og aktivitetar verkar inn på språkval og språkbruk, er noko mindre undersøkt. Hovudpoenget her er å sjå nærare på korleis desse ulike sosiale dimensjonane verkar saman og i forhold til kvarandre – kva for kombinasjonar av variablar som viser seg å vere mest utslagsgivande, og kva for nokre som forklarar mindre av variansen i materialet. I tillegg vil det vere interessant å undersøkje om visse sosiale variablar er særskilt viktige for visse språktrekk. For å få fram kompleksiteten i dette biletet, er ein avhengig av å bruke statistiske analyseteknikkar som ikkje reduserer variablane til eit sett gjennomsnittsverdiar, men som synleggjer denne veven av samverkande variablar. Her kjem bruken av korrespondanseanalyse inn, i det denne analysemetoden prøver å uttømme den kunnskapen som er å finne i *kombinasjonen* av variablar (jf. kap. 5, pkt. 5.5.3 og kap. 9).

Dei tolv variablane er, som vi også vil kome attende til nedafor, dels overlappande, men nærmar seg den sosiale røynda frå noko ulike innfallsvinklar. Ei rekkje studiar har demonstrert viktigheita av å sjå på mange ulike sosiale dimensjonar *samtidig*, og sjå dei i lys av og samanheng med kvarandre (jf. t.d. Labov 1994, Bourdieu 1995). Det som i første omgang kan sjå ut til å vere ein språkleg skilnad mellom aldersgrupper eller mellom kjønn, kan t.d. vise seg å vere ein sosiokulturell skilnad knytt til tilhørsle i ulike grupper eller ulike sosiale lag. Dersom ein berre set fokus på éin eller nokre få variablar, vil ein dermed stå i fare for ikkje å få auge på viktige skilnader *innafor* og *mellom* dei ulike kategoriane. Dersom ein derimot ser informantane frå mange ulike vinklar og i høve til mange ulike sosiale dimensjonar, er sjansen for å kunne gripe dei essensielle mønstra og få fram dei

viktige skiljelinene vesentleg større. Først då vil ein t.d. kunne få svar på kva for grupper som er dei mest innovative og dei viktigaste spreiarane av særskilde språklege endringar.

Bourdieu er svært oppteken av at ein ikkje må klumpe saman sosiale variablar til altfor aggregerte og dermed fiktive einingar (som t.d. sosialklasse 1, 2, 3 osb.), og apriorisk gå ut i frå at desse har visse skalaeigenskapar som gjer dei til uavhengige variablar som kan korrelerast med og "forklare" andre avhengige variablar.[63] Korrespondanseanalysen forsøker som diskutert i kapittel 5, å uttømme den kunnskapen som er å finne i *kombinasjonen* av variablar, og reduserer ikkje variablane til eit sett gjennomsnittsverdiar, men søkjer å synleggjere veven av samverkande variablar (jf. kap. 5, pkt. 5.5.3). For å få fram kompleksiteten i biletet, er det derfor viktig å ta med mange variablar, også slike som i utgangspunktet kan sjå ut til å vere redundante, for å avdekkje kva for variablar som trekkjer i same eller i motsett retning i det språklege og sosiale rommet. Dermed får vi også eit bilete av kva for knippe av sosiale variablar som har størst innverknad på bruken av ulike språklege variantar. Dersom t.d. *ein* sosial faktor skulle vise seg å vere særleg utslagsgivande i høve til bruk av bestemte språklege variantar, kan grunnen vere at denne sosiale variabelen samanfattar og summerer opp i seg ei rekkje av dei andre variablane. Ein slik sosial faktor kan dermed seiast å vere ein sterkt "forklarande" variabel.

Nedafor følgjer ei skildring av kvar av dei tolv sosiale variablane, og ei grunngjeving av kvifor eg meiner dei er interessante i denne granskinga. Nokre av variablane vil få ein relativt kort omtale, medan andre vil bli grundigare diskuterte. Bakgrunnen for dette er at nokre variablar er relativt uproblematiske, medan andre anten er omdiskuterte i fagtradisjonen og derfor treng ein grundigare gjennomgang, eller dei er lite brukte i sosiolingvistisk samanheng og av den grunn treng ein fyldigare presentasjon.

6.2.1 Alder

Alder og aldring er svært sentrale fenomen i menneskeleg erfaring, og også fenomen som blir markerte på svært ulike måtar i ulike samfunn og kulturar. Alder er uttrykk for eit individ si sosiale og kulturelle plassering på eit gitt tidspunkt, medan aldring inneber ei rørsle gjennom tida – og er slik sett uttrykk for ulike fasar i individet si historie. Eit individ si reise gjennom ulike livsfasar vil involvere mange slags endringar – i sosial plassering,

[63] Det å operere med øvre middelklasse, lågare middelklasse osb., slik det har vore vanleg i innafor store delar av variasjonslingvistikken, inneber å aggregere ulike typar kapital, og er, ifølgje Bourdieu, den sikraste måten å øydeleggje strukturen i det empiriske materialet på (jf. Broady 1991:480).

familiestatus, sosiale nettverk, bustad, deltaking i ulike sosiale, kulturelle og økonomiske marknader osb. Alle desse endringane vil potensielt også kunne ha språklege konsekvensar for den enkelte. Sosial eller geografisk mobilitet vil t.d. høgst sannsynleg få innverknad på individet sine språklege strategiar og tilpassingsmønster. Visse aldrar eller visse aldersgrupper har særskilde krav og forventningar knytt til seg. I vår kultur har vi t.d. visse forventningar til korleis ein ungdom skal snakke, oppføre seg og kle seg, og ein del andre forventningar til korleis ein vaksen skal te seg – også språkleg. Som vaksen er ein gjerne deltakar i andre og fleire lingvistiske marknader der det blir stilt andre krav til språkleg åtferd enn det som er tilfellet for ungdom. Mange av desse krava og forventningane vil likevel oftast gjelde andre språklege nivå enn dei som er av interesse i denne granskinga. Dei vil med andre ord ikkje gjelde dialektvariasjon, men heller stilistisk og sosiolektisk variasjon. I samfunn der bruk av dialekt inngår i sosiolektisk variasjon, vil likevel krav om t.d. å kunne rå over ein talt standardvarietet kome inn etter kvart som folk blir vaksne, medan ei forventning om å halde seg til den lokale norma er knytt til barne- og ungdomstida (jf. Chambers 1995:153ff). Ei slik forventning om dialekt–standard-diglossi for den vaksne delen av befolkninga, er som kjent ikkje det dominerande biletet i Noreg. Likevel vil ein kunne tenkje seg at krav om eller forventning til bruk av dialekt også her vil kunne endre seg opp gjennom aldersstega, i takt med andre endringar i individet sitt liv. I ein livsfase der yrkeskarriere står sentralt, vil ein t.d. kunne legge større vekt på bruk av språklege statusformer enn i andre livsfasar. Eit sentralt spørsmål i denne samanhengen er *kva* eit individ er i stand til å endre i språket sitt på ulike aldersstег (jf. kap. 4 for nærare diskusjon av dette).

Alder er ein obligatorisk sosial variabel i alle synkrone generasjonsstudiar av variasjon og endring i frammarsj. Ideen bak synkrone generasjonsstudiar er nettopp at ein kan avlese ei diakron utvikling ved å sjå på den språklege åtferda til ulike aldersgrupper (sjå kap. 4 for grundigare diskusjon og problematisering).

Inndeling i ulike aldersgrupper kan skje på ulike måtar og etter ulike prinsipp. Grovt sett kan ein dele informantane inn etter ei *etisk* eller ei *emisk* tilnærming (jf. Eckert 1997:155). Ved ei etisk tilnærming blir informantane delte inn i grupper etter meir eller mindre arbitrært fastsette, men like tidsavsnitt som f.eks. tiår (jf. t.d. Trudgill 1974, Cedergren 1973). Problemet med ei slik mekanisk inndeling er at ein kan få svært heterogene grupper ved at folk som er i heilt ulike livsfasar, hamnar i same alderskategori. I gruppa 15-22 åringar (jf. inndelinga i Sankoff m.fl. 1989) vil det t.d. kunne vere både skuleungdom, studentar, folk i arbeid og etablerte familiefolk. Eit anna viktig poeng er at

det ikkje er noko nødvendig samsvar mellom kronologiske alder og sosial eller mental alder. Ein 20-åring kan vere så mangt. Ein kan vere både "gamal-ung" og "ung-gamal". Nokre 20-åringar kan vere etablerte med jobb, familie, frysar og julegardiner, medan andre 20-åringar freistar det "single" hybel- og studenttilværet. Ved ei emisk tilnærming, derimot, vil informantane delast inn i ulike aldersgrupper etter ei eller anna felles oppleving og erfaring av tid. Denne delte erfaringa kan anten vere relatert til livsfase eller til historie. Det kan t.d. vere aktuelt å dele inn etter generelle livsfasar som barndom, ungdom, unge vaksne, vaksne i arbeid, pensjonistar, eller etter viktige felles historiske opplevingar som f.eks. sosiale eller politiske omveltingar.

Eg har valt å dele informantane på Røros og Tynset i to grupper, *unge* og *vaksne*, etter det emiske livsfaseprinsippet. Det er for det første ungdom i alderen 17-19 år som alle er i den same livssituasjonen. Alle går på vidaregåande skule og dei står alle framfor viktige vegval i livet. Planane for framtida skal snart stakast ut og spørsmålet om dei skal flytte eller bli, jobbe eller utdanne seg vidare, er høgaktuelle for dei alle. Den andre gruppa er dei vaksne, foreldregenerasjonen til ungdomane. Desse har alt teke valet om å bli på Røros eller Tynset, og har etablert seg med jobb og familie. Fleire av dei vaksne er foreldre til nokre av ungdomsinformantane (jf. kap. 7 pkt. 7.1).

Ut frå tanken om at ungdom spelar ei sentral rolle som språkendringsagentar i dialektnivelleringsprosessar, har eg valt å ha flest ungdom som informantar (jf. kap. 1, 4 og 7). Men sjølv om hovudfokus ligg på ungdomsgruppa, utgjer foreldregenerasjonen eit viktig utgangspunkt for samanlikning, i tillegg til eldre studiar. Alder er på den måten ein svært viktig sosial variabel i denne studien. Alder er grunnleggjande både fordi det vil vere interessant å avdekkje eventuelle språklege skilnader *mellom* dei to aldersgruppene unge og vaksne, og fordi eg er interessert i å sjå nærare på kva for mønster som avteiknar seg *innafor* ungdomsgruppa. Kva vil det seie å vere i nett denne livsfasen, korleis markerer ungdomane seg på ulike måtar språkleg i høve til den lokale dialekten? Kva for forventningar, krav og sosiale skilje er knytt til bruk av dialekt i denne aldersgruppa? Dette er nokre av dei spørsmåla det er interessant å stille.

Studiar der alder har vorte sett i høve til andre sosiale kategoriar som t.d. kjønn og sosial klasse, har vist at grovt inndelte alderskategoriar kan stå i fare for å skjule meir spesifikke gruppeeffektar (jf. Labov 1994:53). Det som på eit overordna nivå kan sjå ut som ein forskjell mellom generasjonar, kan, dersom ein ser nærare på kvar aldersgruppe separat, vise seg å vere knytt til spesifikke grupper *innafor* dei ulike aldersgruppene. Det er derfor essensielt å sjå alder i forhold til andre sosiale kategoriar – som kjønn og sosial

klasse, men også andre sosiale kategoriar som f.eks. dei som inngår som variablar i denne studien her. Ei rekkje studiar har vist at ungdom er sentrale agentar i språkendrings-prosessar (jf. kap. 4 pkt. 4.3). Men samtidig har fleire av desse studiane vist at det særleg er *jentene* og vidare visse *subgrupper* blant jentene som er dei viktigaste leiarane og spreiarane av lingvistiske innovasjonar (jf. Eckert 1989, 2001, Bucholtz 1999). Motsett indikerer ein svensk studie at det særleg er visse subgrupper blant *gutane* som går i spissen når det gjeld *nivellering* av den lokale dialekten (Eriksson 1998, 2001). Dette viser at det er nødvendig å sjå på fleire sosiale kategoriar i tillegg til alder, og å sjå dei ulike sosiale dimensjonane i høve til kvarandre.

6.2.2 Kjønn

Som alder har også kjønn vore ein nærmast obligatorisk sosial variabelkategori i dei fleste sosiolingvistiske variasjons- og endringsstudiar. I studie etter studie har ein mest til det keisame kome fram til at jenter og kvinner, uavhengig av sosial klasse og alder, snakkar meir standardnært og nivellerer meir enn gutar og menn, medan gutar og menn er meir lojale mot lokale substandardnormer. Ifølgje Labov (2001:293) er kvinner *meir* konforme enn menn i høve til opne, preskriptive sosiolingvistiske normer, men *mindre* konforme enn menn i høve til meir skjulte, ikkje-preskriptive sosiolingvistiske normer. Dette kallar han for "the gender paradox". Men som James (1996:98) påpeiker, er biletet slett ikkje så eintydig. I ein rekkje studiar har også det motsette resultatet kome fram – nemleg at menn bruker fleire opne prestisjeformer enn kvinner, eller at der ikkje er nokon kjønnsskilnad på dette språklege nivået i det heile. Penny Eckert (2000:122) kom t.d. fram til at jentene *ikkje* var dei mest konservative og prestisjeorienterte språkleg sett. Tvert om fann ho størst diversitet og variasjonsbreidde innafor jentegruppa for dei fleste av dei fonologiske variablane ho undersøkte. Mary Bucholtz (1999) kom også fram til eit liknande resultat (jf. pkt. 6.2.8 nedafor).

Jenter og kvinner har i overveldande mange studiar vist seg å vere dei mest innovative, og dei viktigaste leiarane og spreiarane av lingvistiske endringar i frammarsj – både når det gjeld såkalla "changes from above" og "changes from below" (jf. Labov 2001:274, 279). Kvinner har altså paradoksalt nok vist seg å vere både dei som bruker flest standardformer og dei mest innovative når det gjeld nye, ikkje-standardformer (jf. "the gender paradox"). Likevel har det ofte ikkje kome fram særleg tilfredsstillande forklaringar på *kvifor* det kan ha seg slik, eller forklaringane har vore høgst motstridande eller til og

med sjølvmotseiande (jf. t.d. Cameron & Coates 1988, Coates 1993, James 1996, Wodak & Benke 1997). Bakgrunnen for dette er gjerne at ein har brukt ulike metodiske tilnærmingar, ulike teoretiske innfallsvinklar og ikkje minst har teke utgangspunkt i høgst ulike og implisitte ideologiar om kva kjønn er. Wodak & Benke (1997:127f) seier t.d.:

> [...] Studies published so far have also made a lot of different claims, some of which are contradictory. For example, on the one hand standard language and prestige variants are associated with the elites, i.e., middle-class males; on the other hand, standard language is related to women, and the vernacular to men.

Ekcert & McConnell-Ginet (1992:90) peiker på at:

> [...] women's language has been said to reflect their [our] conservatism, prestige consciousness, upward mobility, insecurity, deference, nurture, emotional expressivity, connectedness, sensitivity to others, solidarity. And men's language is heard as evincing their toughness, lack of affect, competitiveness, independence, competence, hierarchy, control.

For å forstå kvifor kvinner både har vist seg å vere dei som nivellerer dialekten mest (mot standard) og dei mest innovative (frå standard), kan det kanskje vere på sin plass å minne om diskusjonen i kapittel 4 om ulike typar innovasjonar og ulike samfunnstypar. Eit av poenga her var at den *rolla* ungdom spelar i språkendringsprosessar som innovatørar og formidlarar, er ganske *ulik* i endosentriske urbane strøk og i eksosentriske perifere strøk (jf. pkt. 4.2.2). Dermed er kan hende ikkje det tilsynelatande paradokset eit så stort paradoks likevel, men handlar rett og slett om at rammevilkåra, den potensiell kunngjeringskrafta og den moglege gevinsten er temmeleg ulik for kontaktinnovasjonar i eit bygdemiljø og abduktive innovasjonar i eit bymiljø. Det handlar med andre ord ikkje berre om kjønn, men om kjønn i *kombinasjon* med andre sosiale dimensjonar. Slik sett er dette eit døme på at ein kan gå glipp av viktige differensierande forhold dersom ein stirer seg blind på ein sosial kategori.

Kjønn er ein sosial kategori som har vore under veldig debatt og dramatisk endring det siste hundreåret – ikkje berre i Noreg, men i heile den vestlege verda. Normene for kva som er "passande" åtferd for kvinner og menn, endrar seg med alderen, men det har også endra seg med tida. Kvinner og menns praksisformer har endra seg, og det har vorte mogleg å spele ut kjønn på meir differensierte og overskridande måtar i forhold til tradisjonell kjønnstenking (jf. det androgyne som ideal). I takt med denne utviklinga har ikkje minst tenkinga og forskinga kring kjønn endra seg vesentleg. Frå å bli handsama som ein enkel binær, biologisk storleik, har ein gått over til å handsame kjønn som ein graduell, sosial og kulturell storleik som ein ikkje automatisk kan ta for gitt (jf. t.d. Bing & Bergwall

1996). Frå å sjå kjønn som ein uproblematisk naturgitt dikotomi, har ein i større grad sett fokus på kjønn som sosial *konstruksjon*, og dermed som noko ein *blir* og ikkje noko ein *er*. Det vil seie at kjønn blir vurdert som ein kategori ein blir sosialisert inn i, og som stadig blir konstruert, forhandla og reforhandla i ulike sosiale kontekstar. Likevel kjem ein ikkje utanom at kjønn også *er* biologi, og at vårt biologiske kjønn er med på å forme vårt sosiale kjønn.

Då "språk og kjønn"-forskinga verkeleg skaut fart i byrjinga av 1970-åra, var det først og fremst forskjellar *mellom* kjønna som var i fokus. I seinare forsking har ein erkjent og byrja å utforske også forskjellar mellom kvinner internt og menn internt (jf. t.d. Eckert 1989, 2000). Denne utviklinga fell saman med tendensane innafor den generelle kjønnsforskinga og teoretiseringa kring kjønn. Eit karakteriserande trekk ved forskinga kring språk og kjønn er at den er svært interdisiplinær – med verdfulle bidrag og innsikter frå antropologi, ulike former for diskursanalyse, litteraturteori, sosialpsykologi, sosiologi, kvinneforsking og studiar kring homoseksualitet, for å nemne nokre. I tillegg finst det sjølvsagt ei rekkje studiar kring språk og kjønn innafor den meir snevert definerte sosiolingvistikken.

Det mest typiske biletet innafor den sosiolingvistiske forskingsgreina er likevel at kjønn er ein av *fleire* sosiale variablar som blir sett i høve til språkval og språkbruk.[64] Slik er det også i mi gransking, og eg vil derfor ikkje gå vidare inn i "språk og kjønn"-forskinga her, men heller kome attende til ulike relevante diskusjonar undervegs. Med dei atterhalda som er nemnde ovafor, blir kjønn som kategori handsama på ein forholdsvis enkel måte her, i den forstand at informantane blir delte inn etter sitt biologiske kjønn.[65] Men eg kjem til å vere vel så interessert i å undersøkje moglege forskjellar og mønster *innafor* jentegruppa og gutegruppa separat, som mellom dei to gruppene – dette ut frå ein tanke om at dei kanskje mest interessante skilja går nettopp innafor gruppene og ikkje mellom dei

[64] Ei rekkje sosiolingvistiske granskingar har mellom anna avdekt eit nært samband mellom alder, kjønn og sosial klasse (jf. t.d. Labov 2001:294-319). Men kjønn har i mange tilfelle vorte vurdert som ein mindre viktig variabel, ofte underordna sosial klasse (jf. Labov op. cit.). Dette synet har møtt vesentleg kritikk og motstand blant "språk og kjønn"-forskarar som meiner dette er både misvisande og innskrenkande (jf. James 1996:107). Det viser seg likevel at kjønn ofte har mindre å seie blant unge språkbrukarar enn blant eldre. Dette kan anten vere ein indikasjon på at kjønn er ein kategori som blir viktigare med alderen (og altså er ein aldersavgrensa variabel), eller det kan også tyde på at kjønn er i ferd med å bli eit mindre viktig sosialt korrelat for språkleg variasjon.

[65] Sjølvsagt kunne ein tenkje seg meir avanserte måtar å handsame kjønn på enn ei slik enkel todeling, som jo også har vore mykje kritisert. Ein kunne t.d. ha delt informantane inn etter korleis dei plasserer seg langs ein maskulinitets- og ein femininitetsakse, og deretter målt den språklege åtferda deira opp mot plasseringa langs desse aksane. Det heftar likevel mange problem med ein slik framgangsmåte, og kjønn *er* dessutan *også* ein biologisk storleik.

(jf. kap. 9, pkt. 9.2.9). Eg vil også vere interessert i å sjå nærare på *om* og eventuelt *kvifor* ulike språktrekk oppfører seg ulikt i forhold til kjønnsvariabelen, og i neste omgang vurdere korleis slike eventuelle differensierande trekk seier noko om, eller er med på å forme, kjønnskategoriane. Det vil i tillegg vere interessant å sjå om dei mentale, sosiale og kulturelle endringane i måtane å hanskast med og tenke kring kjønn på, har fått innverknad på måten gutar og jenter agerer språkleg, og vidare om kjønn i det heile *er* eit viktig distingverande trekk blant ungdomane i mine granskingsområde på dei språklege nivåa eg undersøkjer.

Det var i utgangspunktet ikkje eit mål å leggje vesentleg vekt på kjønnsvariabelen i denne granskinga. Eg var meir oppteken av andre identitets- og identifikasjonskategoriar som eg venta ville ha større tyding for informantane sine språklege strategiar. Sett i etterkant er det kanskje uheldig at det ikkje vart lagt større vekt på nettopp kjønn, men som vi vil sjå i analysedelen, slår ikkje denne variabelen like tydeleg ut som fleire av dei andre sosiale kategoriane (jf. diskusjonar kring dette i kap. 8 og særleg kap. 9).

6.2.3 Sosial bakgrunn

Sosial bakgrunn er, saman med alder og kjønn, ein annan av dei "klassiske" sosiolingvistiske variablane. Ei rekkje internasjonale og nasjonale sosiolingvistiske granskingar deler informantane inn i eit meir eller mindre differensiert sett av sosio-økonomiske klasser, ofte etter labovsk mønster (t.d. Labov 1966, 2001). I norske granskingar har det vore mest vanleg å plassere informantane på den sosiale rangstigen etter sosio-økonomiske tilhøve som inntekt, utdanning og yrke (jf. t.d. Hanssen m.fl. 1978, Fintoft & Mjaavatn 1980, Haugen 1998). Anten har ein lagt vekt på den eine av desse faktorane, eller så har ein rekna ut ein sosial indeks på grunnlag av fleire av faktorane samla.

Sidan den sosiale stratifiseringa av Røros- og Tynset-samfunnet ikkje er så markert som i større bysamfunn, har det ikkje vore noko mål her å kome fram til ei finmaska sosio-økonomisk inndeling av informantane. Inndelinga avgrensar seg til om ungdomane kjem frå ein *akademisk* eller ein *ikkje-akademisk* familie. Informantane har vorte plasserte i kategorien akademisk dersom ein av foreldra har lengre bokleg utdanning eller har eit akademisk arbeid. Dersom t.d. mor er lærar og far er gardbrukar eller far er banksjef og mor hjelpepleiar har informanten vorte plassert i kategorien akademisk, medan ein informant der begge foreldra jobbar på garden eller begge arbeider som lågare

funksjonærar, t.d. kasserar i banken og jernbanefunksjonær, har vorte plassert i kategorien ikkje-akademisk. I dei aller fleste tilfella har det vore relativt uproblematisk å plassere informantane i forhold til denne todelinga.

Bakgrunnen for denne sosiale inndelinga er bl.a. at det sosiale miljøet i heimen, det vil her seie kor akademisk eller bokleg orientert familien er, kan ha avgjerande tyding for informantane sine val og preferansar – også språkleg. Foreldre med høg utdanning er dessutan oftast anten innflyttarar eller tilbakeflyttarar. Tilbakeflytta foreldre har gjerne opphalde seg ved ein større lærestad i ein større by, noko som kan ha fått konsekvensar for deira talemål, og dermed for traderinga av den lokale dialekten til neste generasjon.

Granskingar av til dømes flyttemønster blant ungdom i bygdenoreg viser at draget mot byen er sterkast blant ungdom som har foreldre med høg utdanning. Ungdom frå arbeidarklassen, primærnæringar og lågare funksjonærar tenderer i større grad mot å vere meir bundne til heimstaden (jf. Heggen m.fl. 2001:16). Utferdstrongen er såleis ikkje berre eit spørsmål om kva for utdanning den einskilde planlegg å skaffe seg, men har også med dei preferansane som blir formidla i heimen og i dei nære sosiale relasjonane. Likevel er ungdom i dag på langt nær så bundne av den sosiale bakgrunnen sin i framtidsvala sine som tilfellet var tidlegare. Skomakarens son treng ikkje bli ved farens lest, men kan like gjerne bli jurist eller filolog. Det har vorte lettare å gjere "klassereisa". Høgare utdanning er ikkje berre eit mogleg, men eit heilt naturleg val for mange ungdomar uavhengig av sosial bakgrunn. Det har som Giddens (1996) formulerer det, skjedd ei "frikopling" frå sosiale relasjonar som blant anna gjer ulike utdannings- og yrkesval radikalt meir tilgjengelege enn før for alle lag av folket (sjå diskusjon om dei endra livsvilkåra i seinmoderniteten i kap. 5, pkt. 5.2).

Som vi ser, er det grunn til å vente at variabelen "sosial bakgrunn" vil overlappe både med alder, kjønn, kva for framtidsplanar informantane har og kor lokalt og/eller urbant orienterte dei er. Det vil med andre ord vere interessant å sjå desse ulike sosiale kategoriane i samanheng med og opp mot kvarandre.

6.2.4 Skuleretning

Skuleretning, det vil seie allmennfagleg eller yrkesfagleg studieretning, reflekterer gjerne både den sosiale bakgrunnen og gruppetilhørsla til ungdomane. Yrkesfagleg studieretning er t.d. ofte samanfallande med ikkje-akademisk bakgrunn. Det er også gjerne desse individa som ser føre seg ei framtid i dei respektive lokalmiljøa, og som er mest positive til

og opptekne av lokal natur og kultur. Ved å velje yrkesfagleg studieretning rettar ein seg gjerne inn mot eit yrke som gjer det mogleg å få jobb lokalt. Motsett vil val av allmennfagleg studieretning ofte signalisere at ein tenkjer seg ei yrkesretning der det kan bli vanskelegare å få ein jobb på heimplassen. Både på Røros og Tynset er tilbodet av jobbar for folk med høgare utdanning relativt avgrensa. Motsett er jobbmuligheitene atskillig større dersom ein vel ei meir yrkesfagleg retta utdanning.

Dei to studieretningane interagerer truleg også på ulik måte med alder. Overgangen frå ungdom til ung vaksen skjer gjerne tidlegare for ungdom som har valt yrkesfagleg studieretning enn for dei som har valt allmennfagleg. Yrkesfagungdomen går ofte meir direkte over i eit yrkesaktivt liv og etablerer seg gjerne tidlegare enn allmennfagungdomen, som gjerne dreg av garde for å studere og på den måten forlenger den relativt uetablerte ungdomslivsfasen.

Det vil med andre ord vere interessant å sjå på korleis denne variabelen oppfører seg i forhold til variablane sosial bakgrunn, alder, framtidsplan, gruppetilhørsle og lokal/urban orientering. Truleg heng alle desse variablane nøye saman.

6.2.5 Foreldrebakgrunn

Ulike sosiolingvistiske granskingar har vist at barn *oftast* vel å snakke slik som omgivnadene snakkar og ikkje slik foreldra gjer, dersom talemålet til foreldra divergerer frå talemålet på staden (jf. den sterke påverknadskrafta til jamaldringsgrupper; sjå t.d. Trudgill 1986:31, Weinreich m.fl. 1968:145, Mæhlum 1992:74, 284). Barn vil med andre ord oftast velje det lokale majoritetsspråket som den primære språklege modellen. Men dersom det lokale språket er sterkt stigmatisert på nasjonalt nivå, og foreldra snakkar eit meir prestisjefylt språk, kan ein tenkje seg ein motsett situasjon der barna vel å snakke den varieteten som har størst stønad ute i samfunnet. Kven barnet ønskjer å "imitere", er altså avhengig av ei rekkje sosiokulturelle og individualpsykologiske faktorar, som til dømes kven barnet ønskjer å identifisere og/eller sosialisere seg med (jf. Mæhlum op. cit.:65ff). Ein lyt heller ikkje sjå bort frå at barna kan ha ulike registervariantar, til dømes eit utespråk og eit heimespråk (dvs. at basisdialekten ikkje er eintydig).

Mykje sosiolingvistisk og dialektologisk forsking har likevel vist at den geografiske bakgrunnen og altså dialektbakgrunnen til foreldra er ein svært sentral sosial faktor i høve til *enkelte trekk*. Arvilla Payne (1980) viste t.d. i sin studie av King of Prussia, ein forstad til Philadelphia, at barn som flytta inn i forstaden frå andre dialektområde, hadde store

problem med å lære seg det såkalla "Philadelphia short /a/ pattern". Ho kom fram til at det ikkje var tilstrekkeleg å vere fødd i området, men at ein også måtte ha foreldre derifrå for å beherske dette mønsteret (jf. kap. 4, pkt. 4.1.3). Også Peter Trudgill (1974) kom i si Norwich-gransking fram til at foreldrebakgrunn, særleg om mor var frå staden eller ikkje, var ein avgjerande faktor når det gjaldt meistring av visse fonologiske drag. På same måten syner Brit Mæhlum (1992) korleis foreldrebakgrunn verkar inn på dei språkvala barn gjer i eit diffust språksamfunn som Svalbard. I ein studie frå Sogndal viser Ragnhild Haugen (1998:93,106) at foreldrebakgrunn er statistisk utslagsgivande for to av dei fonologiske variablane, som begge har med vekslinga mellom /iː, i/ og /eː, e/ å gjere, men ikkje for informantane sin såkalla "tradisjonsprosent" elles.[66] Det kan altså sjå ut til at ikkje alle språkdrag er like sensitive i forhold til foreldrebakgrunn, og at det kanskje særleg er fonologiske variablar som er utslagsgivande her. Det vil vere interessant å sjå om ein kan finne liknande mønster på Røros og Tynset.

6.2.6 Framtidsplanar

Kor vidt ein planlegg ei framtid på heimstaden eller ikkje, vil nok i mange tilfelle også kunne gi språklege utslag. Fleire av røros- og tynsetinformantane nemnde dette som ein avgjerande faktor i høve til dialektbruk. Framtidsplanar heng samtidig gjerne saman med sosial bakgrunn. Draget bort frå heimstaden ofte er sterkast blant ungdom med akademisk bakgrunn. Likevel har den generelle moderniseringa og globaliseringa av samfunnet ført med seg ei større grad av frikopling i høve til sosial familiebakgrunn, slik at også ungdom frå ikkje-akademiske familiar i større grad planlegg å flytte vekk og skaffe seg høgare utdanning (jf. diskusjonen under pkt. 6.2.3). Det vil derfor vere interessant å sjå desse to sosiale kategoriane opp mot kvarandre. Framtidsplan heng dessutan truleg også nøye saman med dei sosiale dimensjonane lokal og urban orientering (jf. pkt. 6.2.9.1).

[66] Kva foreldras dialektbakgrunn har å seie for traderinga av den tradisjonelle dialekten, kjem enno tydelegare fram i John Helgander (1996) sin studie av språkendring i Övre Dalarna. Han tematiserer mobilitet og immigrasjon meir generelt som faktor. Her går ikkje berre enkelttrekk tapt, men heile språksystemet ser ut til å gå ut av bruk blant anna som følgje av stor innflytting til staden.

6.2.7 Lokalisering

Ein av dei mest varige innsiktene innafor den tradisjonelle dialektologien er at sentrum og utkant gjerne utviklar seg i ulik takt (jf. Andersen 1988, 1989). Sentrum er oftast mest mottakeleg for innovasjonar utanfrå, og det er også oftast i sentrum at innovasjonar oppstår (sjå diskusjonen i kap. 4, pkt. 4.2 om endosentriske kontra eksosentriske samfunn). Lingvistiske innovasjonar gjer seg altså som regel først gjeldande i byar eller tettstader, og blir sidan spreidde til utkantane omkring. Det vil vere interessant å sjå om eit tilsvarande mønster er å finne på Røros og Tynset.

6.2.8 Gruppetilhørsle

Tilhørsle til ulike subkulturelle grupper har i fleire sosiolingvistiske endringsgranskingar vist seg å vere svært utslagsgivande for språkval og språkbruk. I ein av dei mest kjende studiane fann Penny Eckert (1989, 2000) eit språkleg og sosialt hovudskilje mellom såkalla "jocks" og "burnouts" i Detroit. "Jocks" er kort fortalt skuleflink middelklasseungdom, medan "burnouts" er meir "utfrika", lokalt orientert arbeidarklasseungdom. Eckert kom fram til at det er jentene, og meir presist "burnout"-jentene, som er dei mest innovative. I ein annan studie frå Canada viser Mary Bucholtz (1999) at dei sentrale skiljelinene går mellom såkalla "cool-girls" og "nerd-girls", der "cool-girls" er dei som er innovatørar, leiarar og spreiarar av visse fonologiske endringar (t.d. /uw/-fronting i ord som *boot*). Ein svensk studie av kva den lokale dialekten tyder for sjølvbiletet til ungdom indikerer derimot at det særleg er visse subgrupper blant *gutane* som går i spissen når det gjeld nivellering av den lokale dialekten i Piteå (Eriksson 1998, 2001). Hos Eriksson går det språklege og kulturelle hovudskiljet mellom dei rotfaste "absolutisterna" som aktivt opponerer mot det rådande "globale" ungdomsidealet (verda-rundt-idealet), og dei rastlause "avståndstagarna" som identifiserer seg med den internasjonale ungdomskulturen og ønskjer å distansere seg frå Piteå.

Under feltarbeidet var eg oppteken av å skaffe meg overblikk over og innblikk i ungdomsmiljøa på respektive Røros og Tynset, for slik å kunne få med informantar frå ulike grupperingar (sjå kap. 7, pkt. 7.1 om val av informantar). Ut frå det som er funne andre stader, var tanken at tilhørsle i ulike subkulturelle kategoriar ville vere eit avgjerande sosialt korrelat for dialektnivelleringa på dei to plassane. Eg var oppteken av å bruke ungdomane sine eigne kategoriseringar, og altså gå meir "etnografisk" til verks, i staden

for å plassere ungdomane i allereie etablerte kategoriar. Eg hadde få formeiningar om kva for ungdomskulturar og grupper eg ville finne på Røros og Tynset, og var oppteken av å få fram ungdomane sine eigne oppfatningar om dette. Informantane vart spurde om dei kunne dele ungdomsmiljøet på heimstaden i ulike grupper og eventuelt kva for gruppe dei ville plassere seg sjølve i. Eg var med andre ord interessert i å få fram kva for grupper og kulturar som var relevante for dei i deira ungdomsmiljø, og kva for namn dei hadde på desse gruppene.

Rørosungdomane hadde stort sett ingen problem med å karakterisere og kategorisere ungdomsmiljøet på Røros, og det var relativt stor semje om kva for grupper som finst der. Dei fleste nemner tre hovudgrupper. Det er "sossen/skatarane", "busen" og "skule/idretts-gjengen". Dette er altså dei kategoriane ungdomane sjølve opererer med, men akkurat kva for namn dei brukar kan, som vi vil sjå nedafor, variere noko.

Den første gruppa blir også karakterisert som den "kule" gjengen i klassa. Det er dei som syns det er kjedeleg og "bonat" på Røros, og som vil vekk derifrå så fort som råd. Det ser gjerne noko underleg ut å plassere sossen og skatarane i same gruppe. I større bymiljø vil dei definitivt danne to ulike kategoriar; sossen med sine merkeklede og "pro establishment"-haldningar og skatarane med sin asfaltestetikk og motkulturelle innstilling. Det som likevel er felles for dei to gruppene – og som er det viktige i denne samanhengen – er orienteringa mot det urbane både når det gjeld livsstil og kulturuttrykk, og at dei er svært opptekne av klede, stil og mote. Skatarane på Røros utgjer dessutan ei svært lita gruppe. Det same gjeld sossen. Større bymiljø gir grobotn for større grad av sosial differensiering av ungdomen. Ein finn rett og slett fleire av same sorten, og det er lettare å finne sine nisjar der ein kan utfalde seg saman med dei ein er kulturelt fortrulege med (jf. Øia 2001). I mindre bygdemiljø er ikkje valmoglegheitene like store, og ein har fleire felles møtestader. Både sossen og skatarane er opptekne av stil, driv med snowboard og ferdast i det same miljøet. Skatarane er kanskje åleine om å køyre skateboard utafor stasjons-bygningen (der den beste asfalten er), og har gjerne sidare bukser enn sossen, medan sossen på si side har skarpare press i buksene og meir gelé i håret. Likevel har sossen og skatarane mykje felles ved at dei er mykje meir opptekne av bykultur og internasjonal ungdomskultur enn av lokal bygdekultur.[67]

[67] Den internasjonale ungdomskulturen får vel å merke ikkje det same uttrykket overalt. Fortolka lokalt og silt gjennom lokale filter, gir den seg ulike lokale uttrykk – eit fenomen som gjerne blir omtalt som *glokalisering* (jf. kap. 5, pkt. 5.2.1).

Den andre kategorien, "busen", blir også kalla for "festegjengen" eller "rånarane". Desse dreg gjerne på dans og festar i helgene, går oftast på yrkesfagleg studieretning, er positive til heimplassen og er opptekne av lokal kultur og natur. Dei fell også ofte inn under kategorien "typisk rørosing" – det vil seie ein som gjerne tek seg ein pris snus, er glad i karsk og som likar å køyre skuter.[68] Ein "bus" var opphavleg ein anleggs- eller gruvearbeidar, på line med ein slusk eller rallar. I setelarkivet til Trønderordboka finn ein følgjande opplysningar frå Haltdalen om dette uttrykket: Gruvearbeidar, meir ein "heiderstittel". Bus var altså ei svært positiv nemning, og etter det eg har forstått, blir det framleis hovudsakleg brukt i positiv tyding – og i hovudsak om gutar. Men, det kan òg ligge ei negativ vurdering i uttrykket. Ei rørosjente seier t.d.:

> Iris: altså viss du er bus da er du sånn det = bus det er et uttrykk som både kan vær = ojsann = positivt og negativt [ ] for det at-- = la oss si det sånn at viss du har veivesengubban som kjøre rundt ikke sant? og så har du for eksempel en ung en som skal rekrutt´eres inn i deres ´miljø og viss han da blir kalt for bus så er det veldig positivt ikke sant = da er han arbeidskar og han er med i gjengen og bus ikke sant? [[ ]] mens det kan og vær oppfatta negativt sånn at = en som er bus han er = kanskje litt =e= selvsentrert med hensyn til altså =e= bus ja ok du har det der med skuter og karsk og sånn ikke sant? [ ] men så og at han kanskje bryr seg veldig mye om sitt og = ja ´sentrert om det kan du si == så det kan og vær brukt negativt ja

Den sistnemnde gjengen, dei "skuleflinke" eller "idrettsgjengen", tek skulen seriøst og driv gjerne med idrett. Dei er som oftast positivt innstilte til heimstaden, og er også gjerne opptekne av lokal natur og kultur. Som så mange andre stader i landet er fotball og handball idrettar som tiltrekkjer seg mange ungdomar, men der er også eit stort skiskyttar- og skimiljø på Røros. Dei som aktivt bruker naturen og terrenget rundt Røros i idretts-samanheng, er nok særleg opptekne av og positive til det lokale, og har, som busen, ein langt meir lokalt orientert livsstil enn sossen og skatarane.[69]

I tillegg til desse tre gruppene, har eg valt å ta med ei fjerde gruppe bl.a. fordi nokre av rørosungdomane vanskeleg let seg plassere i ei av dei tre gruppene. Det er gruppa

---

[68] Medan eg var i gang med den første delen av feltarbeidet på Røros i 1997, var det ei utstilling på *Tjurrufabrikken* på Røros med temaet "Hvorfor er vi bevaringsverdige? Hvem er vi?" Ved sida av hovudutstillinga, som bestod av fotograf Iver Olsens gamle samiske bilete og rørosbilete frå 1900-1920, hadde barn og unge skrive og teikna om den typiske rørosingen. Biletet av rørosingen som ein med snus, karsk og skuter var det som gjekk att hos dei aller fleste.

[69] Både dei ungdomane som driv med ski og dei som driv med jakt og fiske (dvs. idrettsungdomen og busen), har eit noko anna forhold til, og bruker den lokale naturen på ein noko annan måte enn dei som driv med snowboard (dvs. sossen/skatarane). Sett på spissen kan ein seie at dei førstnemnde har eit tradisjonelt *nytteorientert* forhold til naturen, medan dei sistnemnde har eit meir moderne *nyteforhold* til den. I ein studie av ungdom i Trysil viser Ketil Skogen (2001) at friluftsaktivitetar, som andre ting vi driv med i fritida, meir enn tidlegare inngår i tydelege identitetsprosjekt, og at ulike former for friluftsliv er knytt til høvesvis rural nyttekultur og urban nytekultur. Ifølgje trysilungdomen er det berre to ungdomsmiljø som skil seg tydeleg ut som grupper; snowboardarane og jakt- og fiskegutta. Også på Røros er det sossen/skatarane på den eine sida og busen på den andre som utgjer hovudmotsetnadene og ytterpunkta i ungdomsmiljøet.

"skule/kultur". Ungdomane i denne gruppa er på mange måtar temmeleg like "skule/ idrettsgjengen" ved at dei er opptekne av skule, lekselesing og skuleprestasjonar, men dei skil seg frå den andre gruppa ved å vere langt meir aktive innafor det kulturelle feltet enn innafor sports- og idrettsmiljøet. Dette er kulturinteressert ungdom som både er orienterte mot typisk lokale og typisk urbane kulturuttrykk.

Tynsetungdomane var på langt nær så samde om kva for grupper som finst på Tynset, og dei var heller ikkje så lette å plassere som rørosungdomen. Medan nokre hevdar at ungdomsmiljøet på staden er veldig gruppedelt, seier andre at det ikkje finst ulike grupper, men at "alle er saman". Likevel er det to-tre grupper som går igjen hos dei som meiner at der finst ulike gjengar. Det er for det første "rånarane". Denne gruppa blir nemnt av mest alle informantane – sjølv dei som meiner at ungdomsmiljøet ikkje er særskilt gruppedelt. Den andre gruppa som utkrystalliserar seg, er "idrettsgjengen", og den tredje er noko fleire kallar for "statusmiljøet" eller "sossen". Som vi ser, er desse tre gruppene sterkt samanfallande med rørosgruppene "bus", "skule/idrett" og "soss/skatar" .[70]

Gruppa "rånar" på Tynset ser likevel ut til å ha eit noko anna innhald enn "bus" på Røros. Det å bli kalla for bus på Røros kan både vere ein heidersterm og ein nedsetjande term, medan "rånar" ser ut til å ha ein meir eintydig negativ dåm over seg på Tynset. "Råneran" ser for enkelte ut til å vere nærmast einstydande med dei litt harry typane som raggar rundt i bil på kveldane. To tynsetgutar hevdar uavhengig av kvarandre at det har vorte færre rånarar på Tynset dei seinare åra, og forklarar det med at det har vorte "meir sivilisert oppå her". I ei slik snever forståing av termen finst det knappast nokon rånar blant tynsetinformantane mine, men dersom vi ser litt vidare på termen, og tolkar han meir på line med busen på Røros, finn vi i alle fall nokre eksponentar for denne gruppa blant tynsetinformantane. Dei er likevel kanskje ikkje prototypiske rånarar, men meir "rånar light". I gruppa "bus/rånar" ligg det derfor ei noko vidare forståing av kva ein "rånar" er enn det som kanskje er den gjengse oppfatninga blant tynsetungdomane. I denne kategorien høyrer både dei som raggar rundt i bil, dei maskin- og mekkeglade, dei jakt- og fiskeinteresserte og dei tradisjonsorienterte. Det finst heller ikkje så mange prototypiske "sossar" blant tynsetinformantane, men meir "light"-versjonar. På Røros, derimot, finn vi fleire utprega sossar som også sjølve plasserer seg i denne gruppa (jf. kap 10. pkt. 10.1.2).

[70] Dei gruppene som blir nemnde er: "oss sløvingan, rånaran og idrettsgutan", "idrettsgjengen, sosse-rånaran og bonderånaran", "statusmiljø og rånarmiljø", "rånara, snowboardera og dem som er mer A4", "skimiljø og rånarmiljø", "soss og rånara" og "leksegjengen, rånaran og den banslige gjengen".

Ut frå det ungdomane på Røros og Tynset seier om sine respektive ungdomsmiljø, er det dermed mogleg å etablere i alle fall tre felles, klart åtskilde grupper: *bus/rånar*, *skule/idrett*, og *soss/skatar*. I tillegg kjem gruppa *skule/kultur* på Røros. Sjølv om det er rimeleg stor semje blant ungdomane om at ungdomsmiljøa grovt sett kan delast inn i desse kategoriane, er dei fleste ungdomane likevel temmeleg tilbakehaldne med å plassere seg sjølve i ei av gruppene. Det å gi seg sjølv ein særleg subkulturell identitet ved å plassere seg i bestemte grupper, blir ofte opplevd som konfliktfylt. Ikkje minst fordi det aktualiserer spenninga mellom ønsket om individualitet på den eine sida og dragninga mot samhørsle og konformitet på den andre (jf. Widdicombe 1998). Vi vil både høyre til og vere noko for oss sjølve. Samtidig kjenner vi oss gjerne heime i fleire sosiale grupper og har fleire identitetsprosjekt på same tid (jf. kap. 5 pkt. 5.3). Ei jente seier t.d.: "*da har du dem som driv med idrett = og så har du dem som = feste altså fester -- drikker [altså] (...) [men] selvfølgelig den der gruppa-- dem to gruppan her kan kombin´eres"*. Medlemskap eller ikkje-medlemskap i ulike grupper og kategoriar er dessutan gjenstand for stadig forhandling. Ulike sosiale identitetar bind individet til særskilde sosiale grupper, men desse banda er ikkje faste og stabile – dei oppstår og blir forhandla fram gjennom sosial praksis.

Fleire av informantane seier symptomatisk nok at dei ikkje høyrer til i ei bestemt gruppe. Tvert om seier mange, særleg jentene, at dei er litt midt imellom eller at dei høyrer heime i fleire grupper samtidig (jf. gruppa "in-betweens" hos Eckert 1989, 2000). Like fullt, og med fare for å forenkle ein meir kompleks røyndom ved å binde informantane til *ein* subkulturell identitet, har kvar og ein av rørosinformantane vorte plasserte i ei av dei fire gruppene. På same måte har kvar og ein av tynsetungdomane vorte plasserte i ein av dei tre nemnde kategoriane (*bus/rånar*, *skule/idrett* eller *soss/skatar*). Dette er gjort dels på bakgrunn av sjølvplassering og dels med utgangspunkt i aktivitets- og interesseprofilane til den enkelte. Desse profilane vart laga ut frå dei opplysningane som kom fram gjennom intervjua, og via spørjeskjemaet informantane fekk tilsendt eit år etter intervjua (jf. kap. 1 og 7, pkt. 7.1.2.4). Slik eg vil kome attende til nedafor, er aktivitetane ein driv med og interessene ein har, viktige når ein vil fortelje omverda kven ein er, og ikkje minst kven ein høyrer saman med.

Det viser seg at det er påfallande stort samanfall mellom dei ungdomsgruppene eg har kome fram til på Røros og Tynset, og dei ungdomsgruppene som har vorte skilde ut i fleire større kvantitative granskingar av norske ungdomskulturar (jf. t.d. Øia 1994 og Vaagland m.fl. 2000). Tormod Øia (1994:105ff) kom via faktoranalyse fram til fem sentrale subkulturar innafor det norske ungdomsmiljøet. Desse fekk merkelappane: *radikal*

motkultur, mainstream, tradisjonalisme, trendy og høyrepopulisme.[71] Utskiljinga av dei fem kategoriane er basert på spørsmål som omhandlar haldningar til ulike subgrupper av ungdom – vere seg speidarar, husokkupantar eller homofile. Øia kom fram til at korkje trendy-, tradisjons- eller mainstream-ungdom er noko storbyfenomen, men er like vanlege i bygd som i by. Derimot finn ein fleire tilhengarar av den *radikale motkulturen* i byane og fleire *høgrepopulistar* på bygda. Ingen representantar for desse to siste kategoriane er å finne blant mine informantar på Røros og Tynset.

Også hos Vaagland m.fl. (2000) kom det gjennom faktoranalysar fram ulike ungdomskulturar. Ved å gruppere ungdomane etter kva for aktivitetar dei driv med, utkrystalliserte det seg fem ulike aktivitetsprofilar: *idrettsungdom, kulturaktiv ungdom, jamaldrings- og uteorientert ungdom, utøvande musikarar og skatarar*. Dernest vart ungdomane grupperte etter interesser, og fem ulike interesseprofilar vart skilt ut: *klassisk interessert ungdom, trendy ungdom, natur- og teknisk orientert ungdom, kulturkritisk ungdom, samtidskritisk ungdom og samfunnsinteressert ungdom*. Interesser er mindre styrt av moglegheiter, rammer og strukturar enn aktivitetane. Dermed kan interesser vere vel så viktige, om ikkje viktigare, når ein vil fortelje omverda kven ein er. Interesseprofilane er på denne måten med på å supplere og utvide biletet.

Sjølv om nemningane skil seg noko frå kvarandre, og Vaagland m.fl. (2000) og Øia (1994) har kome fram til sine grupperingar via andre metodar enn det som er tilfellet i mi gransking av røros- og tynsetungdomen, er det likevel klare likskapstrekk mellom dei ulike subkulturane som kjem fram. Forskjellen er først og fremst at eg ikkje finn *radikale motkulturelle* eller *høgrepopulistar* i mitt materiale, og heller ikkje interesseprofilane *samtidskritisk-* og *kulturkritisk ungdom*. Ein annan forskjell er at gruppa *bus/rånar* ikkje passar umiddelbart inn i nokon av aktivitetsprofilane til Vaagland m.fl., og heller ikkje er direkte samanfallande med nokon av gruppene til Øia.

Gruppa *bus/rånar* har likevel visse likskapstrekk både med den gruppa Øia kallar for *tradisjonalistar* og også det han kallar for *høgrepopulistar.*[72] Hos Øia er høgrepopulistane ungdom som er opptekne av å mekke og av jakt og fiske, medan tradisjonalistane er opptekne av dialekt og tradisjonsmusikk. *Busen/rånarane* er ofte interesserte både i motor

[71] Dei fem kategoriane er vel å merke teoretiske konstruksjonar og representerer idealtypar. Idealtypar er ikkje nødvendigvis ei skildring av røyndomen, men er meir meint som ein modell. Det same gjeld absolutt for mine kategoriar, sjølv om det her er ungdomane sjølve som har vore med på å avgrense og namngi kategoriane.

[72] Eg tykkjer det er særs uheldig og stiller meg skeptisk til å nytte ei slik nemning som har så mange negative konnotasjonar knytt til seg.

og mekking og opptekne av tradisjonelle lokale kulturuttrykk. *Busen/rånarane* er heller ikkje samanfallande med nokon av dei fem aktivitetsprofilane til Vaagland m.fl., men har klare likskapstrekk med interesseprofilen *natur- og teknisk orientert ungdom*.

Gruppa *soss/skatar* er i stor grad samanfallande med den gruppa Øia kallar for *trendy* ungdom, og med Vaagland m.fl. sine aktivitetsprofilar *skatar* eller *jevnalder- og uteorientert ungdom* og interesserprofilen *trendy ungdom*. Dei ulike likskapstrekka og samanfalla mellom ungdomskulturane og ungdomsgruppene på Røros og Tynset og i desse større kvantitative granskingane kan oppsummerast som i tabell 6.1 nedafor.

Tabell 6.1 Ungdomsgrupper og ungdomskulturar på Røros/Tynset, hos Øia (1994) og Vaagland m.fl. (2000)

Røros/Tynset	**Øia 1994**	**Vaagland m.fl. 2000**	
		Aktivitet	**Interesse**
Soss/skatar	*Trendy*	*Skatarar* *Jamaldrings- & uteorientert*	*Trendy ungdom*
Bus/rånar	*Tradisjonalist* (*Høgrepopulist*)	?	*Natur & teknisk orientert*
Skule/idrett		*Idrettsungdom*	*Samfunnsinteresser* *Natur & teknisk orientert*
Skule/kultur	*Mainstream*	*Kulturaktiv ungdom*	*Klassisk interessert* *Samfunnsinteressert*

Poenget med å referere til desse andre granskingane er å vise at der er eit rimeleg godt samanfall og mange likskapstrekk mellom dei gruppene som kjem fram gjennom faktoranalysar av store materiale, og dei gruppene eg har kome fram til gjennom ei meir etnografisk metodisk tilnærming. Men vi ser samtidig at der er nokre forskjellar. Det gir støtte til ideen om å finne ut kva for grupper ungdomane sjølve opererer med og som er relevante grupperingar i deira sosiale kvardag. Det vil sjølvsagt alltid vere ein del lokale variasjonar, som ein nok lettast får tilgang til ved å gå vegen om ungdomane sjølve. Nokre stader er folkemusikk, jakt og fiske svært sentrale og utskiljande dimensjonar, medan ulike typar religiøse aktivitetar kan vere svært sentrale andre stader. Ungdomsmiljøa både på Røros og Tynset er t.d. svært lite prega av aktivitetar knytt til den religiøse sfæren. Derimot er aktivitetar knytt til nyting eller utnytting av naturen svært viktige.

Inndelingane mine er også til ein viss grad samanfallande med dei kategoriane Lisa Eriksson (1998, 2001) opererer med. Eriksson deler ungdomane i Piteå i fire hovud-

kategoriar. Det er "*absolutisterna*", "*anpassarna*", "*åskådarna*" og "*avståndstagarna*" (Eriksson 2001:103). Men eit hovudproblem med inndelingane hennar, er at ho baserer dei på språklege kriterium. Eriksson definerer gruppene sine etter kva for haldningar dei har til den lokale dialekten og kva for dialektstrategi dei har valt. Dermed blir slutningane hennar sirkulære. Kategoriane hennar er likevel interessante og kan i stor grad seiast å korrespondere med mine kategoriar, sjølv om mine inndelingar *ikkje* er baserte på språklege kriterium. "Absolutisterna" har mykje til felles med bus/rånar-gruppa, "anpassarna" med skule/idretts-gruppa, "åskådarna" med skule/kultur-gruppa og "avståndstagarna" med soss/skatar-gruppa.

Det å plassere informantane i *ei* av desse gruppene inneber nødvendigvis ei forenkling av røyndomen sidan gruppemedlemskap ikkje er noko ein har eller får ein gong for alle, men er noko som stadig blir forhandla, avvist eller oppnådd i ulike sosiale samanhengar. Tilhørsle i ulike grupper vil vere relevant og viktig i enkelte samanhengar, og mindre relevant og viktig i andre. Som alle andre sosiale identitetar vil tilhørsle i ei av desse ungdomsgruppene ha varierande sosial tyding avhengig av situasjon. Det å vere *bus* er kan hende viktig og relevant i visse situasjonar og totalt uvesentleg i andre. Hypotesen her er likevel at sterkare eller svakare tilknyting til ei av desse subgruppene vil verke inn på korleis ungdomane plasserer seg i det språklege rommet – når det gjeld haldningane til eigen dialekt og eventuelle ønske om å halde oppe bruken av dialekten. Det vil også vere av interesse å sjå korleis gruppetilhørsle interagerer med dei andre sosiale variablane – ikkje minst dei haldnings- og identifikasjonsdimensjonane som følgjer nedafor.

6.2.9 Orientering og haldning


Dei fire siste sosiale variablane skil seg noko frå resten av variablane ved at dei er skala-variablar eller kontinuerlege variablar, og ved at dei er avhengige av inngåande tolking av intervjusamtalane. Alle informantane vart stilte dei same spørsmåla[73], og svara på desse dannar utgangspunkt for etableringa av kategoriane: *lokal orientering*, *urban orientering*,

[73] Spørsmåla som ligg til grunn for inndelinga i dei ulike kategoriane, er mellom andre: kva for planar dei har for framtida, om dei kunne tenkje seg å bu på Røros/Tynset, fritidsinteresser, kva for aktivitetar dei driv med, kva slags interesser dei har, kvar dei helst handlar kleda sine, kva for musikk dei helst lyttar til, kvar vennane deira er ifrå, kva dei tykkjer om heimstaden sin og korleis det har vore å vekse opp der, positive og/eller negative sider ved heimstaden, positive og/eller negative sider ved å vekse opp der, korleis dei ville ha presentert heimstaden sin, korleis dei ville "selje" heimstaden sin til turistar, kva det tyder å vere frå Røros/Tynset, korleis dei trur andre ser på heimstaden deira, korleis ein typisk rørosing/tynseting er (jf. vedlegg 7.2).

haldning til heimstaden og *haldning til eigen dialekt*. Ved å tolke svara på desse spørsmåla har eg kome fram til ei etter måten grov inndeling der informantane plasserer seg etter ein tredelt skala frå minus, nøytral til pluss. Minus tyder her liten grad av f.eks. lokal orientering, nøytral tyder middels lokal orientering, og pluss høg grad av uttrykt lokal orientering. Den same skalaen har også vorte brukt på dei tre andre sosiokulturelle dimensjonane.

Kvalitative samtaledata let seg ikkje operasjonalisere på nokon enkel og beinvegs måte, men er resultat av kvalitativ vurdering og hermeneutisk tolking. Operasjonaliseringa av desse kategoriane har derfor bydd på atskillige, men overkomelege utfordringar. For å plassere kvar einskild informant langs dei ulike aksane, har eg lytta gjennom banda fleire gonger, og har særleg vurdert motsetnadsfulle utsegner. Når det gjeld grad av lokal og urban orientering har eg t.d. sett på kva for verdiar ved bygda og/eller byen dei set pris på og orienterer seg mot, på aktivitets- og interesseprofilane til den enkelte, kvar dei handlar kleda sine, kva for musikk dei lyttar til, kva for framtidsplanar dei har osb. Ein ungdom som stort sett shoppar klede i Oslo eller Trondheim, som driv med snowboard og skateboard, er interessert i rap, techno og internasjonal ungdomskultur (og absolutt ikkje i tradisjonsmusikk eller "bondekultur"), som kjenner seg meir tiltrekt av det anonyme bylivet enn det gjennomsiktige bygdemiljøet, og som aldri kunne tenkje seg å flytte attende til heimplassen, vil skåre høgt på den urbane aksen og lågt på den lokale.

Dei fire variablane uttrykkjer ulike dimensjonar i eit sosiokulturelt rom som ungdomane på ulike måtar og i ulik grad orienterer seg i forhold til (jf. Auer & Dirim 2003). Alle dei fire dimensjonane har med identitet og identifikasjon å gjere – eller med assosiasjon og dissassosiasjon, og med den måten ungdomane plasserer seg i forhold til sosialt og kulturelt avgjerande storleikar. Variablane aktualiserer på ulike måtar spørsmålet om informantane sitt forhold til heimstaden, korleis dei plasserer seg sjølve i forhold til staden, og ikkje minst haldningane deira til staden som geografisk, sosial og kulturell konstruksjon (jf. kap. 5, pkt. 5.4 om stad, meining og tilhørsle). Dei fire dimensjonane heng nøye saman og grip delvis inn i kvarandre, men uttrykkjer likevel noko forskjellige aspekt ved den sosiale røynda. Dei fire dimensjonane kan framstillast romleg som i figur 6.1:



Figur 6.1 Dimensjonar i det sosio-kulturelle rommet

6.2.9.1 Lokal versus urban orientering

Skalaene a) og b) uttrykkjer ulike grader av lokal og urban orientering, og i kor stor grad ungdomane identifiserer seg med lokale eller urbane normer og verdiar. I utgangspunktet kunne ein tenkje seg at den same informanten kunne skåre høgt både på lokal og urban orientering, og at det dermed ikkje nødvendigvis er nokon motsetnad mellom dei to. Ein ungdom som er oppteken av lokale verdiar og normer og som gjerne kunne tenkje seg å bli buande på plassen, kan samtidig også vere urbant orientert og ha interesser som strekkjer seg utover det lokale. Likevel ser det i mange tilfelle ut til at dei to kategoriane er gjensidig ekskluderande, slik at dei som orienterer seg mot det urbane, er meir negativt innstilte til det lokale og motsett (jf. kap. 9).

6.2.9.2 Haldning til heimstaden og til den lokale dialekten

Skalaene c) og d) prøver å få fatt i informantane sine opne og meir skjulte haldningar til heimstaden og den lokale dialekten. Det blir generelt snakka mykje om desse temaa i alle intervjua. Eit typisk trekk er at informantane kjem med mange motsetnadsfylte utsegner,

noko som gir ei forståing av at dette er ganske komplekse spørsmål for dei fleste. På eitt nivå – det ideologiske eller politisk korrekte – er t.d. dei fleste informantane svært positivt innstilte til den lokale dialekten og til heimstaden. Men dersom ein går litt djupare inn i materien, viser det seg at mange har eit temmeleg samansett og ambivalent forhold både til heimstaden og dialekten. Dette kjem gjerne fram ved at informantane i nokre delar av intervjuet t.d. snakkar varmt om den lokale dialekten og hevdar at dei ikkje vil legge om, medan dei i andre delar av samtalen seier at det er sjølvsagt at ein må legge om slik at folk forstår ein. Eller dei seier ein plass at det er viktig med dialekt og synd at dialekten forsvinn, og ein annan plass at dialekten ikkje er så viktig for dei, at dei ikkje syns han er spesielt fin, og at dei sjølve ikkje vil gå inn for å snakke meir dialekt. Samtaleutdrag frå to av rørosinformantane kan illustrere dette:

Unn: men snakkar du meir = meir =e= utprega rørosing enn andre ungdomar trur du eller mindre = eller [[=]] sånn i klassa di liksom?
Carola: [[=e=]] mer enn mange ja trur je [blir fall] av dæm =e= kule folkan som hate -- dem prøver jo å legg om bevisst dem skal jo itt snakke noe rørosisk for det er jo = itt noe kult (LATTER) [[for å si det sånn]] det er bondespråk har je fått inntrykk av at det er sånn [=] men = je vet itt je = det er itt så mange som snakke [[kav rørosisk vet je]]

(10 min seinare)

Carola: [ja] = je legg nå om når je snakke med = = for eksempel deg da = (LATTER) nei je = je tru itt je gjør det no kanskje = du har jo ´dialekt sjøl da = men når je snakke med folk som snakke mer bokmål da = da legg je litt om da sjø = (LATTER) [=] føle seg nesten litt dum viss en = snakke berre rørosisk da (LATTER) = i alle fall så gjør je det [[= =]] litt bondeaktig (LATTER) [= =] men je har aldri vørte mobba for det [[=]] aldri vørte mobba for det at je snakke rørosisk nei [=] så = legg vel om ubevisst tenkje je når en snakke med folk som snakke bokmål så [[=]] er det lett å legge om litt ubevisst

Denne rørosjenta gir uttrykk for at ho syns det er teit av dei "kule" folka å legge om, og ho gir inntrykk av at ho ikkje er samd i at rørosdialekten er eit "bondespråk". Ho seier også tidlegare i intervjuet at ho tykkjer det er flott og viktig med dialekt. Men trass i dette legg ho altså om når ho snakkar med folk som snakkar meir "bokmål" fordi ho *likevel* føler at dialekten er litt "bondeaktig" (jf. kap. 10, pkt. 10.1.3.1). I eit annan samtale seier ein ung rørosgut at han syns rørosdialekten er heilt forferdeleg og er flau over den, men at han likevel *ikkje* vil legge om. Sjølv meiner han at han snakkar ei "bastarddialekt" – ei blanding:

Unn: ka du blande = blande mellom då? =
Truls: nei = liksom osloenser og Røros [=] eller prøve å = liksom hvis du drar til Oslo og prate sånn rørosing så blir itt du forstått = i hele tatt så = det er litt sånn harry 'dialekt
Unn: [mm] synes du det?
Truls: (LATTER) ja [(LATTER)] forferdelig
Unn: [(LATTER)] så du er ikkje så spesielt stolt over dialekten din altså?
Truls: ([LATTER)] nei er itt det nei (KREMT)
Unn: nei [(LATTER)]

Truls: nei det kan ikke je si nei
Unn: nei = ka du synes å om å høyre folk som snakkar = rørosing på TV og
Truls: nei da blir je flau [det er en ting]
Unn: [seier du det?]
Truls: ja det høres så dust ut [=] uff
(...)
Unn: ja = så du trur ikkje du kjem til å fortsette å snakke rørosing då?
Truls: jo det gjør je = eller = ikke sånn = je har aldri snakka ren rørosing nei = sånn = UFF begynne å snakke osloenser rent nei bare fordi = nei = ja det gjør itt je nei

Denne typen ambivalensar finn ein hos mest alle informantane – ikkje berre når det gjeld haldning til dialekten, men også til heimplassen. Når ein plasserer informantane langs dei to haldningsskalaene, er det derfor viktig ikkje berre å ta utgangspunkt i informantane sine direkte svar på kva dei syns om dialekten og heimplassen sin, men også å ta omsyn til desse tilsynelatande motstridande utsegnene fordi dei fortel noko om dei meir "ubevisste" haldningane til desse spørsmåla. Slik også andre haldningsgranskingar har vist, har dei meir "ubevisste" haldningane større relevans for den språklege tilpassing enn dei meir "bevisste" og gjerne "politisk korrekte" haldningane (jf. t.d. Giles & Coupland 1991, Kristiansen 1991, Maegaard 2002).

Bakgrunnen for å splitte opp og prøve å sjå på orientering og haldning separat, er at desse nivåa ikkje nødvendigvis heng i hop. Det vil vere interessant å sjå på om t.d. haldningsdimensjonen har meir å bety for den språklege tilpassinga enn orienterings-dimensjonen, eller motsett – eller om dei ulike dimensjonane er samanfallande. Ein ungdom kan godt tenkjast å vere lite lokalt og sterkt urbant orientert, men likevel vere positivt innstilt til heimstaden og ha positive haldningar til den lokale dialekten. Ved å sjå på haldning åtskild frå orientering kan ein dermed forsøksvis få fatt i noko av kompleksiteten i dette biletet. Det vil dessutan også vere interessant å sjå på desse fire kontinuerlege variablane særleg i høve til gruppetilhørsle.